

Konsekvensutgreiingar
for rullering
kommuneplanens arealdel
på tema
Meland kommune

Innholdsliste

1. Overskotsmasser	10
Mjåtveit, nr. 1.1.....	10
Dalstø, nr. 1.2.....	13
Dale/Hopland nr. 1.3.....	16
Fløksand nr. 1.4.1.....	19
Fløksand nr. 1.4.2.....	22
Fløksand nr. 1.4.3.....	25
Fløksand nr. 1.4.4.....	28
Fløksand nr. 1.4.5.....	31
Ryland nr. 1.5.1.....	34
Ryland nr. 1.5.2.....	37
Landsvik nr. 1.6.....	40
Brakstad nr. 1.7.....	43
Nedre Tveit nr. 1.8.1.....	46
Nedre Tveit nr. 1.8.2.....	49
Øvre Tveit nr. 1.9.....	52
Meland nr. 1.10.....	55
Fosse nr. 1.11.....	58
Espetveit nr. 1.12.1.....	61
Espetveit nr. 1.12.2.....	64
Refskar nr. 1.13.1.....	67
Refskar nr. 1.13.2.....	71
2. Reiseliv	74
Fureskjegget nr. 2.1.....	74
Fosse nr. 2.2.....	77
Gripen nr. 2.3.....	80
Nedre Tveit nr. 2.4.....	83
3. Vurdering akvakultur-område i sjø	86
Areal nr. 3.1.....	86
Areal nr. 3.2.....	89
Areal nr 3.3.....	92
Areal nr. 3.4.....	95
Areal nr 3.5.....	98
Areal nr. 3.6.....	101
Areal nr. 3.7.....	104
Ryland-Rosslandspollen nr. 3.8.....	107
Io-Rosslandspollen nr. 3.9.....	110
Refskar nr. 3.10.....	113
Landsvik nr. 3.11.....	116

Om dokumentet

Dokumentet inneheld konsekvensutgreiingar av sortert etter gardsnamn og innspelsnummer.

Kart over områder

For kart over dei vurderte områda, sjå eige kart med tittel «Kart over private merknader og arealendringar».

For oversikt over kva for konsekvensutgreiing som høyrer til eit aktuelt område i planen, sjå liste under.

Kopling mellom plankart og innspel/konsekvensutgreiing

Alle innspel og merknader som er teken til følgje er konsekvensutgreia, mens innspel og merknader som ikkje er tekne til følgje ikkje er konsekvensutgreia. Under følgjer lista over nye og endra utbyggingsområder i planen og kvar dei er konsekvensutgreia.

ID i kart	Vurdert i KU
AK_2	Kjeppevikholmen
AK_3	Trollhola
FEFIKFR_1	Skjelanger
FEFIKFR_2	Gjerde- neset
FEAK_1	Vardneset
FEAK_2	Gaustad
BE_3	Dalstø
BE_4	Dale/ Hopland
SN_14	Mjåtveit
SN_15	Fløksand
SN_16	Fløksand nord
SN_17	Landsvik
SN_18	Brakstad
SN_19	Nedre Tveit
SN_20	Nedre Tveit, Troppå gard
SN_21	Espetveit
SN_22	Espetveit vest
SN_23	Refskar
SN_24	Fureskjegget
SN_25	Gripen
N_10	Nedre Tveit
N_11	Landsvik

Konsekvensutgreiing

Om konsekvensutgreiing

Plan og bygningslova krev at det blir gjort ei særskilt vurdering av verknader for miljø og samfunn når det blir utarbeidd planar som set rammer for framtidig utbygging. Kommuneplanen sin arealdel er dein slik plan. Dette vert kalla ei konsekvensutgreiing (heretter KU) av planen. Vidare krev plan- og bygningslova at det blir utarbeidd ein risiko- og sårbarhetsanalyse (heretter ROS). Målet med denne analysen er å etablere ei systematisk tilnærming til mogeleg framtidig fare og uønska hendingar, slik at nødvendige risikoreduserande tiltak kan identifiserast og takast omsyn til. Dersom ein gjennom arbeidet med KU og ROS oppdagar at det er fare på ferde eller at planen har negative konsekvensar, må kommunen synleggjere kva som må til for at planen kan gjennomførast.

Alle nye utbyggingsområde har gjennomgått KU og ROS. Dette dokumentet inneheld alle konsekvensutgreiingane. ROS-analysane finst som eit eige kapittel i planskildringa.

Gjennomføring

Alle framlegg til ny arealbruk er gått gjennom. I nokre tilfelle er det analysert eit større område enn den avgrensinga som til slutt ligg i planframlegget, for å få vurdert alternativ utforming eller lokalisering.

ROS-analysen tek utgangspunkt i dei potensielle faremomenta som er avdekka av KU. Ny arealbruk er avgrensa etter ei samla vurdering i KU og ROS.



Metode

KU og ROS i kommuneplanen sin arealdel blir utført på eit grovmaska, overordna nivå, og byggjer på kjent og registrert kunnskap. Innhenting av ny kunnskap er avgrensa til det som trengs for å trekkje ein konklusjon. Ved utarbeiding av område- og detaljregulering, vil det som regel vere nødvendig å hente inn ny kunnskap, for å vurdere verknad av meir konkrete tiltak. Dette er teke med som eit eige punkt i dei generelle føresegnene.

Konsekvensutgreiinga er utført i tre trinn:

- Ny arealbruk i høve til arealstrategiane
- Vurdering og verdsetjing av areal
- Konsekvensar av ny arealbruk

Konsekvensutgreiinga fører til konklusjonar når det gjeld arealbruken. ROS-vurdering er deretter gjort for den nye arealbruken som planframlegget tilrår.

Konsekvensutgreiing

Dette er ein temavis rullering, og det er tatt utgangspunkt i desse ved gjennomgang av innspel. Arealbruken er vurdert i høve til arealstrategiane: ref. vedtak for arealstrategier 2015 v/ full rullering av KPA. Jordmassar frå problem til ressurs – ta vare på matjorda, rettleiar for offentleg forvaltning utgitt av region Nordhordland, har vore rettleiande for arbeidet.

- Overordna arealstrategiar
- Arealstrategiar for landbruks-, natur- og friluftsområde
- Arealstrategiar for næring
- Arealstrategiar for fritidsbusetnad
- Arealstrategiar for strandsona
- Omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår

Vurdering og verdsetting av areala byggjer på følgjande kunnskap:

- Naturmangfald
- Kulturminne og kulturmiljø
- Landbruk
- Friluftsliv
- Landskap / strandsona

Konsekvensar av ny arealbruk er vurdert på følgjande område:

TEMA	INNHALD	KUNNSKAP
MILJØ		
Klima Forureining Støy	Støy, avfall Drikkevasskjelde Forureining/utslepp i luft eller grunn	Oversiktskart over avlaupsnett Oversikt over trafikkmengde og utsleppsløyver https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/
Jordbruk	Kjerneområde jordbruk Viktige kulturlandskap	https://nibio.no/tjenester Markslag Arealdifferensiering av landbruksareal i Meland kommune temakart Kjerneområde jordbruk Jordmassar frå problem til ressurs – ta vare på matjorda 2016
Skogbruk	Skogbruk med viktige produksjonsverdiar	https://nibio.no/tjenester Markslag Temakart Kjerneområde skogbruk
Naturverdiar og biologisk mangfald	Viktige naturtypar Biologisk mangfald Viltførekemstar Område verna etter naturvernlova Strandsone	Viltet i Meland. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane 2004. Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Meland 2002/2007/2013 Nibio Gardskart Biologisk mangfald i Meland kommune 2008 Kartlegging av funksjonell strandsone 2011 Kartlegging av sjøaurevassdrag i Meland kommune 1999 Miljødirektoratet Naturbase; http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/ Artsdatabanken artskart; https://artsdatabanken.no/
Kulturminne og kulturmiljø	Freda bygg og anlegg Verneverdige kulturminne eller kulturmiljø Eldre gardstun Naust og sjøhusmiljø	Askeladden med SEFRAK Naustmiljøkartlegging Jordkjellere i vest 2008 Kartleggingar i forbindelse med kulturminneplan for Meland kommune
Friluftsliv	Turvegar Badeplassar Regionalt registrerte friluftsområde Jakt og fiske Leikeområde Tilkomst til sjø	Barnetråkkregistreringar Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019 Område for friluftsliv; kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område i Hordaland, prosjektrapport 2008 Friluftskart Meland 2009 Kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Meland 2016

Rydlands- vassdraget	Verna vassdrag	Forvaltningsplan for Rylandvassdraget
-------------------------	----------------	---------------------------------------

SAMFUNN		
Infrastruktur	Trafikktryggleik Skule og barnehage Aldersheim, omsorgsbustader Offentlege tenester Sevicetilbod Veg, vatn, avlaup IKT	Tiltaksplan for trafikksikring for 2017 – 2020 Nasjonal vegdatabank https://www.vegvesen.no/vegkart/vegkart/#kartlag:geodata/@600000,7225000,3 Tiltaksplan for vassforsyning avlaup og vassmiljø 2015-2019
Naturrisiko og klima	Grunntilhøve Skred, flaum, ekstremvær, vind, nedbør Radon Havnivåstiging Bruhavari Skog og grasbrann	Klimaplan for Meland kommune 2011 Oversiktskart NVE temakart skred og flaum; https://www.nve.no/flaum-og-skred/skrednett/ Temakart skredkartlegging Havnivåstiging http://www.ngu.no/kart/berggrunn, grunnvassdata, lausmassekart FylkesROS Meteorologisk institutt, Bergen Overordna Ros Meland kommune 2013
Energi	Energibruk Energireduserande tiltak El – forsyning	Enova BKK energiutgreiing

Konsequenzutgreiing

1. Overskotsmasser

Mjåtveit, nr. 1.1

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 22/4

Storleik: Innspel, 25 daa. Område etter vurdering, 22,5 daa.

Noverande areal: LNF Forslått arealbruk: LNF-Spreidd næring

Områdeskildring: Området ligg på Mjåtveit på nordsida av Fv. 564. Innspelet ligg eit samanhengande jordbruksområde i drift.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område etter vurdering

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald		+		Registrert naturverdiar i området
Kulturminne kulturmiljø		+		Reg. 3 torvhus
Landbruk		+		I aktiv drift
Friluftsliv	+			Friluftsliv relatert til nærturområde
Landskap/ strandsone		+		Nært omsynssone Mjåtveitelva

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, Ikkje forureina grunn Krav til utslipp må verte ivareteke ved godkjenning av tiltak.
Støy		Vil generere trafikk, og det kan oppstå støy. Vurderast til lav verdi, grunna avstand bustadområde
Landbruk		Eit sentrumsnært område i aktiv drift. Viktig å leggje til rette for at sentrumsnære landbruksareal får høve til utvikling. Tiltaket vil sikra gode areal for vidare drift.
Naturmangfald		Er registrert vipe som er lista som kritisk truga på raudlista innanfor område. Vipene bruker område meir aktivt i seinare åra. Bruken har auka etter at det har vore tatt i mot overskotsmasser for gjenbruk på nærliggande område
Kultur		Registrert 3 torvhus og ein steingard innanfor området. Området med torvhus og steingard vert tekne ut av planområdet.
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Ligg ved Mjåtveitelva i eit naturlandskap, men ikkje innfor omsynssona. Område er mykje brukt til nær friluftsliv. Mottak av overskotsmassar vil ikkje vere til hinder for friluftslivsaktiviteter.
Samfunn		
Transport		Fv. 564 går forbi området, og det er eigen godkjent avkøyring frå fylkesveg. Kort avstand til areal sett av til bustad.
Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.

Born og unge		Tiltaket vil ikkje ha påverknad på born og unge sine oppvekstvilkår
Tilhøve til arealstrategiar/planprogram		Det skal leggest til rette for styrking av landbruket sitt næringsgrunnlag. Overskotsmassar eigna til landbruksproduksjon, bør nyttast til eksisterande jordbruksareal, jf. planprogrammet
Folkehelse summert		Nærturområde blir ivaretatt.

Vurdering av forslaget: Dette er eit jordforbetringstiltak som vil gje betre landbruksareal for ein aktiv bonde. Arealet er sentrumsnært og vil vere ein vidareutvikling av jordforbetringstiltak satt i gang. Ligg i nærleik til større godkjente bustadområde. Forslaget er i tråd med planprogrammet. Rådmannen tilrår til at dette framlegget vert imøtekomme, men arealet med torvhus (kulturminne) og steingardar vert teke ut av planområdet.

Dalstø, nr. 1.2

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 19/5

Storleik: Innspel, 25 daa. Område etter vurdering, 24,3 daa.

Noverande areal: LNF **Forslått arealbruk:** Område for bygg og anlegg

Områdeskildring: Området ligg ned mot Dalstø. Innspelet ligg eit jordbruksområde i drift. Innspel til areal for bruk av overskotsmassar. I gjeldane KPA er det store område for bustad (B8 og B9) knytt opp mot innspelet.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område etter vurdering

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje kjente registreringar
Kulturminne kulturmiljø	+			Torvhus/Skjeneflor i området
Landbruk	+			Arealet er i drift
Friluftsliv	+			Friluftsliv relatert til Furufjellet
Landskap/strandsone	+			Ligg i eit dalsøkk ned mot Dalstø

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn Krav til utslipp må verte ivareteke ved godkjenning av tiltak.
Støy		Vil generere trafikk, og det kan oppstå støy. Vurderast til lav verdi, grunna avstand bustadområde.
Landbruk		Område er i drift. Viktig å halde god kvalitet/forbetre kvaliteten på arealet. Tiltaket vil sikra gode areal for vidare drift.
Naturmangfald		Ikkje registrert planforslaget.
Kultur		Det er ein eit torvhus/skjeneflor innafor området. Området med denne bygningen vert teke ut av planområdet.
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Ingen store endringar av landskapskarakter. Område er brukt som innfallsport til friluftslivsområde. Mottak av overskotsmassar vil ikkje vere til hinder for friluftslivsaktiviteter.
Samfunn		
Transport		Avkøyring frå Fv. 564 med kommunalveg fram til planområdet. Vegen er smal og har varierende standard frå Fv. 564.
Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje påreknat at tiltaket vil gje auka risiko.

Born og unge		Tiltaket vil ikkje ha påverknad på born og unge sine oppvekstvilkår
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Det skal leggest til rette for styrking av landbruket sitt næringsgrunnlag. Innspelet er knytt opp store areal lagt ut til bustad i KPA. Overskotsmassar eigna til landbruksproduksjon, bør nyttast til eksisterande jordbruksareal, jf. planprogrammet.
Folkehelse summert		Nærturområde blir ivaretatt.

Vurdering av forslaget: Dette er eit jordforbetringstiltak som vil gje betre landbruksareal. Innspel er knytt opp mot nytt bustadområde (B8 og B9 i KPA), er difor med på å nå målet om reduksjon av transport under utbygging. Forslaget er i tråd med planprogrammet. Infrastruktur må sjåast i samanheng med område Mjåtveit–Dalstø. Rådmannen tilrår til at dette framlegget vert imøtekomme, og vert lagt ut til bygg og anlegg med krav om reguleringsplan. Det vert også satt rekkjefølgekrav til utbetring av kommunalveg før det gis løyve til tiltak. Arealet med torvhus/skjeneflor (kulturminne) vert teke ut av planområdet.

Dale/Hopland nr. 1.3

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 15/1 og 20/5

Storleik: Innspel, 103 daa. Område etter vurdering, 51,7 daa.

Noverande areal: LNF Forslått arealbruk: Område for bygg og anlegg

Områdeskildring: Området ligg på grensa mellom Dale og Hopland ved Utsikten. Området ligg nært eksisterande jordbruksareal. Arealet er småkupert og skogkledd med blandingsskog. Området ligg inntil Fv. 564.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område etter vurdering

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje kjente registreringar
Kulturminne kulturmiljø		+		Fleire torvhus og ein torvveg i området
Landbruk	+			Skogområde
Friluftsliv		+		Registrert i kommunal friluftslivskartlegging
Landskap/strandsone	+			Ikkje bebygd område og enden av ein mindre dal

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn Krav til utslipp må verte ivareteke ved regulering av tiltak.
Støy		Vil generere trafikk, og det kan oppstå støy. Vurderast til lav verdi, grunna avstand bustadområde.
Landbruk		Område er ikkje i drift. Tiltaket vil sikra gode areal for framtidig drift.
Naturmangfald		Ikkje registrert planforslaget.
Kultur		Det er registrert 3 torvhus innafor planområdet, i tillegg til ein eldre torvveg. Det ligg også eit torvhus nær planområdet. Areal med torvhus og torvveg vert teke ut av planområdet
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Satt til gult da området er stort og bruk av arealet til overskotsmasser vil gje landskapsmessige endringar. Området er småkupert landskap med blandingskog. Er ein del av eit større turområde. Området ligg ubebygd område med god avstand til nærmaste bebyggelse.
Samfunn		
Transport		Ligg inntil Fv. 564 og det er ikkje avkøyring frå fylkesveg.
Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt

Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Tiltaket vil ikkje ha påverknad på born og unge sine oppvekstvilkår
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Ligg nært bustadområde lagt ut i kommuneplanen, og er difor i tråd med planprogrammet.
Folkehelse summert		

Vurdering av forslaget: Rådmannen meiner at innspelet er for stort, innspelet vil krevje store volum av overskotsmassar og genere mykje trafikk. Men rådmannen tilrår å halvera arealet (frå 103 til ca. 51,7 daa). Argumentet er at innspelet ligg sentralt med kort avstand til areal satt av til bustad. Er ikkje i konflikt med etablert bebyggelse. Tilråding vil ikkje gje store landskapsmessige konflikhtar. Rådmannen tilrår at eit vesentleg redusert areal vert lagt ut til bygg og anlegg med krav om reguleringsplan. Areal med torvhus og torvveg vert teke ut av planområdet.

Fløksand nr. 1.4.1

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 5/1

Storleik: Innspel, 13 daa. Område etter vurdering, 7,5 daa.

Noverande areal: LNF Forslått arealbruk: LNF-spreidd næring

Områdeskildring: Ligg i eit eksisterande jordbrukslandskap i drift på Fløksand. Tilkomst frå kommunal veg.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område etter vurdering

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje kjente registreringar
Kulturminne kulturmiljø	+			Ikkje kjente registreringar
Landbruk	+			Jordbruksareal i drift
Friluftsliv	+			Ikkje registrert
Landskap/ strandsone		+		Ligg i eit kultur- og jordbrukslandskap med spreidd bebyggelse

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn Krav til utslipp må verte ivareteke ved godkjenning av tiltak.
Støy		Vil generere trafikk, og det kan oppstå støy.
Landbruk		Område er i drift. Tiltaket vil sikra gode areal for vidare drift.
Naturmangfald		Ikkje registrert innspelet.
Kultur		Ikkje registrert i innspelet.
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Ligg i randsona av eit større kultur- og jordbrukslandskap. Området ligg skjerma med lite innsyn frå sjø og bustader. Tiltaket vil ikkje vere i konflikt med friluftsliv. Vert i temaplan kjerneområde landbruk omtalt som eit viktig og fint kulturlandskap. Som er eit viktig opplevingsområde for allmenta.
Samfunn		
Transport		Har eigen avkøyring frå kommunal veg og ligg nært Fv. 564. Vegen har varierende standard og vert nytta som skoleveg.
Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.

Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Tiltaket vil ikkje ha påverknad på born og unge sine oppvekstvilkår
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet vil bidra til forbetring av eksisterande av jordbruksareal. Ligg sentralt i forhold til utbygging av Fv. 564 Fløksand-Vikebø
Folkehelse summert		
<p>Vurdering av forslaget: Innspelet vil bidra til forbetring av eksisterande av jordbruksareal. Ligg sentralt i forhold til utbygging av Fv. 564 Fløksand-Vikebø. For å redusera dei landskapsmessige verknadane av området vert arealet redusert noko Rådmannen tilrår at eit redusert arealet vert tatt kommuneplan som LNF-spreidd næring.</p>		

Fløksand nr. 1.4.2

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 5/5 og 5/6

Storleik: Innspel, 16 daa. Område etter vurdering, innspelet vert ikkje tilrådd.

Noverande areal: LNF **Forslått arealbruk:** LNF-spreidd næring

Områdeskildring: Ligg i eit eksisterande jordbrukslandskap i drift på Fløksand.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område med formål i gjeldande kommuneplan

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje kjente registreringar
Kulturminne kulturmiljø		+		Automatisk freda kulturminne i grensa av innspel
Landbruk	+			Jordbruksareal i drift
Friluftsliv	+			Ikkje registert
Landskap/ strandsone		+		Ligg i eit kultur- og jordbrukslandskap med spredt bebyggelse

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn.
Støy		Vil generere meir trafikk inn eit spreidd bebygd område på ein smal kommunal veg, og det kan oppstå støy.
Landbruk		Område er i drift. Tiltaket vil sikra areal for vidare drift.
Naturmangfald		Ikkje registrert innspelet.
Kultur		Registrert automatisk freda kulturminne i grensa av innspel
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Ligg i eit større kultur- og jordbrukslandskap med spreidd landbruksbebyggelse. Området er synleg frå sjø og ligg nærme bustader. Vert i temaplan kjerneområde landbruk omtalt som eit viktig og fint kulturlandskap. Som er eit viktig opplevingsområde for allmenta.
Samfunn		
Transport		Smal kommunal veg og vegtilkomst inn til innspelet går nært bebyggelse. Transport inn kan skape trafikkfarlege situasjonar
Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.

Born og unge		Kan bidra til auka trafikk i eit område med barn og unge.
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet vil bidra til forbetring av eksisterande av jordbruksareal.
Folkehelse summert		
<p>Vurdering av forslaget: Rådmannen tilrår ikkje til at innspelet vert tatt inn i kommuneplanen. Årsaka er utfordringar knytt til landskap, kulturminne, trafikk og nærleik til bustader.</p>		

Fløksand nr. 1.4.3


Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 5/6

Storleik: Innspel, 6,5 daa. Område etter vurdering, innspelet vert ikkje tilrådd.

Noverande areal: LNF Forslått arealbruk: LNF-spreidd næring

Områdeskildring: Ligg i eit eksisterande jordbrukslandskap i drift på Fløksand.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område med formål i gjeldande kommuneplan

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje kjente registreringar
Kulturminne kulturmiljø		+		Ikkje registrert
Landbruk	+			Jordbruksareal i drift
Friluftsliv	+			Ikkje registrert
Landskap/ strandsone		+		Ligg i eit kultur- og jordbrukslandskap med spreidd bebyggelse

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		Vil generere meir trafikk inn eit spreidd bebygd område på ein smal kommunal veg, og det kan oppstå støy.
Landbruk		Område er i drift. Tiltaket vil sikra areal for vidare drift.
Naturmangfald		Ikkje registrert i innspelet.
Kultur		Ikkje registrert i innspelet, men det er potensiale for arkeologiske funn under bakken.
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Ligg i eit større kultur- og jordbrukslandskap med spreidd landbruksbebyggelse. Området er delvis synleg frå sjø og ligg nærme bustader. Vert i temaplan kjerneområde landbruk omtalt som eit viktig og fint kulturlandskap. Som er eit viktig opplevingsområde for allmenta.
Samfunn		
Transport		Smal kommunal veg og vegtilkomst inn til innspelet går nært bebyggelse. Transport inn kan skape trafikkfarlege situasjonar
Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.

Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Kan bidra til auka trafikk i eit område med barn og unge.
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet vil bidra til forbetring av eksisterande av jordbruksareal.
Folkehelse summert		
Vurdering av forslaget: Rådmannen tilrår ikkje til at innspelet vert tatt inn i kommuneplanen. Årsaka er utfordringar knytt til landskap, kulturminne, trafikk og nærleik til bustader.		

Fløksand nr. 1.4.4

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 5/6 og 5/203

Storleik: Innspel, 12 daa. Område etter vurdering, innspelet vert ikkje tilrådd.

Noverande areal: LNF **Forslått arealbruk:** LNF-spreidd næring

Områdeskildring: Ligg i eit eksisterande jordbrukslandskap i drift på Fløksand.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område med formål i gjeldande kommuneplan

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje kjente registreringar
Kulturminne kulturmiljø		+		Ikkje registrert
Landbruk	+			Jordbruksareal i drift
Friluftsliv	+			Ikkje registrert
Landskap/ strandsone		+		Ligg i eit kultur- og jordbrukslandskap med spreidd bebyggelse

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		Vil generere meir trafikk inn eit spreidd bebygd område på ein smal veg, og det kan oppstå støy.
Landbruk		Område er i drift. Tiltaket vil sikra areal for vidare drift.
Naturmangfald		Ikkje registrert i innspelet.
Kultur		Ikkje registrert i innspelet, men det er potensiale for arkeologiske funn under bakken.
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Ligg i eit større kultur- og jordbrukslandskap med spreidd landbruksbebyggelse. Området ligg inn i mellom ulike tun strukturer. Vert i temaplan kjerneområde landbruk omtalt som eit viktig og fint kulturlandskap. Som er eit viktig opplevingsområde for allmenta.
Samfunn		
Transport		Smal veg og vegtilkomst inn til innspelet går inn i mellom bebyggelse. Transport kan skape trafikkfarlege situasjonar
Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.

Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Kan bidra til auka trafikk i eit område med barn og unge.
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet vil bidra til forbetring av eksisterande av jordbruksareal.
Folkehelse summert		
Vurdering av forslaget: Rådmannen tilrår ikkje til at innspelet vert tatt inn i kommuneplanen. Årsaka er utfordringar knytt til landskap, trafikk og nærleik til bustader.		

Fløksand nr. 1.4.5

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 5/6

Storleik: Innspel, 5,6 daa. Område etter vurdering, 5,6 daa.

Noverande areal: LNF Forslått arealbruk: LNF-spreidd næring

Områdeskildring: Området ligg på oppsida av Fv. 564. Arealet ligg i randen av eit eldre spreidd område for fritidsbustader. Arealet er i drift.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område etter vurdering

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje kjente registreringar
Kulturminne kulturmiljø	+			Ikkje registrert
Landbruk	+			Jordbruksareal i drift
Friluftsliv	+			Ikkje registrert
Landskap/strandsone	+			Ligg i eit mindre dalføre med skog og eldre hyttebebyggelse

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		Trafikk kan medføre meir støy.
Landbruk		Område er i drift. Tiltaket vil sikra gode areal for vidare drift.
Naturmangfald		Ikkje registrert i innspelet.
Kultur		Ikkje registrert i innspelet
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Ligg i randen av eit eldre hytteområde. Arealet er småkupert. Området har lite direkte innsyn.
Samfunn		
Transport		Avkøyring frå Fv. 564 inn til området, men denne må oppgraderast.
Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.

Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet vil bidra til forbetring av eksisterande av jordbruksareal. Området ligg sentralt i samband med utbetring av Fv. 564 Fløksand-Vikebø.
Folkehelse summert		
<p>Vurdering av forslaget: Innspelet er lite konfliktfylt fordi arealet ligg i randen av eit eldre hyttefelt, har lite innsyn og har eigen tilkomst frå Fv. 564. Rådmannen tilrår i til at innspelet vert tatt inn i kommuneplanen då det er i tråd med føringar i planprogrammet.</p>		

Ryland nr. 1.5.1

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 43/7

Storleik: Innspel, 3,7 daa. Område etter vurdering. Innspelet vert ikkje tilrådd.

Noverande areal: LNF-spreidd næring **Forslått arealbruk:** LNF-spreidd næring

Områdeskildring: Området ligg på oppsida av Fv. 564. Arealet ligg i randen av eit eldre spreidd område for fritidsbustader. Arealet er i drift.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område med formål i gjeldande kommuneplan

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje kjente registreringar
Kulturminne kulturmiljø	+			Ikkje registrert
Landbruk	+			Skogkledd
Friluftsliv	+			Ikkje registrert
Landskap/strandsone	+			Ligg i eit smalt dalføre sør for Fv. 564

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		Trafikk kan medføre meir støy.
Landbruk		Hoveddelen av arealet er skogkledd.
Naturmangfald		Ikkje registrert i innspelet.
Kultur		Ikkje registrert i innspelet
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Ligg ikkje i nært bebyggelse og er lite synleg i landskapet.
Samfunn		
Transport		Ikkje veg inn til området.
Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.

Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet vil kunne bidra til nytt jordbruksareal. Området ligg i mogleg trase i samband med utbetring av Fv. 564 Fløksand-Vikebø.
Folkehelse summert		
<p>Vurdering av forslaget: Innspelet ligg i ein av dei alternative traseane i samband med utbetring av Fv. 564 Fløksand–Vikebø. Rådmannen tilrår ikkje at innspelet vert tatt inn i kommuneplanen i denne omgangen.</p>		

Ryland nr. 1.5.2

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 43/7

Storleik: Innspel, 3,3 daa. Område etter vurdering, innspelet vert ikkje tilrådd.

Noverande areal: LNF **Forslått arealbruk:** LNF-spreidd næring

Områdeskildring: Området ligg ned mot Rylandsvatnet i eit jordbruks- og kulturlandskap.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område med formål i gjeldande kommuneplan

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje kjente registreringar
Kulturminne kulturmiljø	+			Ikkje registrert
Landbruk	+			Deler er jordbruksareal i drift
Friluftsliv			+	Rylandsvatnet er registrert som svært viktig i kommunal friluftslivskartegging
Landskap/strandsone			+	Rylandsvassdraget er eit verna vassdrag

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		Trafikk kan medføre meir støy.
Landbruk		Hovuddelen av arealet er i drift som jordbruksareal.
Naturmangfald		Ikkje registrert i innspelet.
Kultur		Ikkje registrert i innspelet
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Rylandsvassdraget er eit verna vassdrag og er registrert som eit svært viktig friluftsområde. Innspelet vil vere veldig synleg og ligg nært Rylandsvatnet.
Samfunn		
Transport		Avkjørsel frå Fv. 564.
Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt

Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet vil kunne bidra forbetring av jordbruksareal.
Folkehelse summert		

Vurdering av forslaget: Innspelet er konfliktylt fordi arealet ligg nært svært viktige friluftsområder og vil vere godt synleg frå Rylandsvatnet. Rådmannen tilrår ikkje til at innspelet vert tatt inn i kommuneplanen.

Landsvik nr. 1.6


Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 51/6

Storleik: Innspel, 9 daa. Område etter vurdering, 9 daa.

Noverande areal: LNF Forslått arealbruk: LNF-spreidd næring

Områdeskildring: Området ligg i kanten av eit jordbrukslandskap på Landsvik.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område etter vurdering

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje kjente registreringar
Kulturminne kulturmiljø	+			Ikkje registrert
Landbruk	+			Arealet er i dag skogkledd
Friluftsliv	+			Ikkje store friluftstinteresser
Landskap/ strandsone	+			Småkupert kystlandskap

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		
Landbruk		Arealet er ikkje jordbruksareal i dag, men grenser inn mot eksisterande areal i drift.
Naturmangfald		Ikkje registrert i innspelet.
Kultur		Ikkje registrert i innspelet
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Området er småkupert og skogkledd kystlandskap, men grenser inn mot beite i aktiv drift.
Samfunn		
Transport		Etablert avkjørsel frå Fv. 244, men denne må truleg oppgraderast.
Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.

Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet vil kunne bidra til nytt jordbruksareal.
Folkehelse summert		
<p>Vurdering av forslaget: Innspelet har lite konfliktpotensiale og vil kunne betjene den nordre delen av kommunen. Tiltaket vil kunne bidra med nytt jordbruksareal i den nordre delen av Meland kommune. Rådmannen tilrår til at innspelet vert tatt inn i kommuneplanen.</p>		

Brakstad nr. 1.7

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 6/6,11,12

Storleik: Innspel, Ca. 2.5, 0.6, 0.35, 0.5, 0.7, 0.6. Område etter vurdering 2.5, 1.5, 3.4, 0.6 daa.

Noverande areal: LNF Forslått arealbruk: LNF-spreidd næring

Områdeskildring: Området ligg i eit større jordbrukslandskap på Brakstad.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område etter vurdering

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje kjente registreringar
Kulturminne kulturmiljø	+			Ikkje kjente registreringar
Landbruk	+			Jordbruksareal i aktiv bruk
Friluftsliv	+			Ikkje store friluftsiinteresser
Landskap/ strandsone	+			Kultur- og jordbrukslandskap i drift

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		
Landbruk		Arealet er i aktiv drift i dag, og tiltaket kan bidra til jordforbetring.
Naturmangfald		Fløksandelva mellom område som er foreslått. Den er sjøaureførande. Elva må takast omsyn til ved plassering av massar.
Kultur		Ikkje registrert i innspelet
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Kultur- og jordbruksareal sentralt i kommunen og i aktiv drift. Arealet er en del av kjerneområdelandbruk.
Samfunn		
Transport		Godkjent avkjørsel frå Fv. 244 og interne driftsvegar.

Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet vil kunne bidra å sikra gode jordbruksareal for vidare og framtidig drift. Innspelet er knytt opp til aktiv drift.
Folkehelse summert		
<p>Vurdering av forslaget: Innspelet har lite konfliktpotensiale og er tråd med planprogrammet. Vidare vil tiltaket bidra til å bygge opp under jordbruksareal i aktiv drift. Det må takast omsyn til Fløksandelva ved gjennomføring av tiltak. Innspelet legg opp til mindre område for mottak av massar og blir gjennomført med mindre tiltak. Rådmannen tilrår til at innspelet vert tatt inn i kommuneplanen.</p>		

Nedre Tveit nr. 1.8.1


Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 12/ 2 og 3

Storleik: Innspel, 2,5 og 1,8 daa. Område etter vurdering, 1,6 daa.

Noverande areal: LNF Forslått arealbruk: LNF-spreidd næring

Områdeskildring: Området ligg i eit større samanhengande jordbrukslandskap på Tveit.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område etter vurdering

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje kjente registreringar
Kulturminne kulturmiljø		+		Bakkemurer og steingard
Landbruk	+			Jordbruksareal i aktiv bruk
Friluftsliv	+			Ikkje store friluftsjnteresser
Landskap/ strandsone	+			Kultur- og jordbrukslandskap i drift

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		
Landbruk		Arealet er i aktiv drift i dag, og tiltaket kan bidra til jordforbetring.
Naturmangfald		Ingen kjente registreringar.
Kultur		Bakkemurar og steingard i området.
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Kultur- og jordbruksareal sentralt i kommunen og i aktiv drift. Arealet er en del av kjerneområde landbruk.
Samfunn		
Transport		Godkjent avkjørsel frå Fv. 244 og interne driftsvegar.
Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt

Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet vil kunne bidra å sikra gode jordbruksareal for vidare og framtidig drift. Innspelet er knytt opp til aktiv drift.
Folkehelse summert		

Vurdering av forslaget: Innspelet er tråd med planprogrammet. Tiltaket vil bidra til å bygge opp under jordbruksareal i aktiv drift. Det må takast omsyn til bakkemurar og arealet har difor blitt redusert. Område kan nyttast til jordforbetringstiltak i mindre omfang, og bidra til betre jordbruksareal på Tveit. For å unngå landskapsmessige konflikhtar vert det minste arealet teke ut. Rådmannen tilrår til at eit redusert innspel vert tatt inn i kommuneplanen.

Nedre Tveit nr. 1.8.2

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 12/2,3

Storleik: Innspel, 7,3 daa , 2 daa og 10,6daa. Område etter vurdering, 7,3 daa.

Noverande areal: LNF Forslått arealbruk: LNF-spreidd næring


Områdeskildring: Området ligg i eit større samanhengande jordbrukslandskap på Tveit.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område etter vurdering.

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje kjente registreringar
Kulturminne kulturmiljø	+			Ikkje kjente registreringar
Landbruk	+			Jordbruksareal i aktiv bruk
Friluftsliv	+			Ikkje store friluftsiinteresser
Landskap/strandsone	+			Kultur- og jordbrukslandskap i drift

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		
Landbruk		Arealet er i aktiv drift i dag, og tiltaket kan bidra til jordforbetring.
Naturmangfald		Ikkje kjente registreringar.
Kultur		Ikkje registrert i innspelet
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Kultur- og jordbruksareal sentralt i kommunen og i aktiv drift. Arealet er en del av kjerneområdelandbruk.
Samfunn		
Transport		Godkjent avkjørsel frå Fv. 244. Men omfanget av innspelet kan gje trafikale utfordringar på Vestbygvegen Fv. 244.
Teknisk infrastruktur		Det går ein kommunal vassleidning gjennom planområdet. Denne skal takast ut av drift i samband med at det vert lagt ny vassleidning til Brakstad. Arbeidet er starta hausten 2018. Det kan ikkje fyllast på massar før den gamle ledningen er kopla ut.

Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet vil kunne bidra å sikra gode jordbruksareal for vidare og framtidig drift. Innspelet er knytt opp til aktiv drift.
Folkehelse summert		

Vurdering av forslaget: Innspelet er i tråd med planprogram og kan bidra til forbetring av eksisterande jordbruksareal. Det kan ikkje fyllast på massar før eksisterande vassleidning er kopla ut. Grunneigar har fleire innspel i området på Tveit. Innspelet har lite konfliktpotensiale, men er relativt stort og dersom heile vert tatt følgje kan denne generere til dømes trafikale utfordringar.

Rådmannen tilrår til at eit redusert areal vert tatt inn i kommuneplanen.

Øvre Tveit nr. 1.9

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 11/3

Storleik: Innspel, 32 daa. Område etter vurdering, Innspel vert ikkje tilrådd.

Noverande areal: LNF Forslått arealbruk: LNF-spreidd næring

Områdeskildring: Området ligg i eit større samanhengande jordbrukslandskap på Tveit.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område med formål i gjeldande kommuneplan

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje kjente registreringar
Kulturminne kulturmiljø		+		Eldre kulturminne nært område.
Landbruk	+			Skogkledd innmarksbeite
Friluftsliv	+			Ikkje store friluftstinteresser
Landskap/ strandsone	+			Kultur- og jordbrukslandskap

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		
Landbruk		Innmarksbeite som er skogkledd.
Naturmangfald		Ikkje kjente registreringar.
Kultur		Ikkje registrert i innspelet, men det ligg eldre kulturminne nært område. Det er potensiale for arkeologiske funn under bakken.
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Kultur- og jordbruksareal på Øvre Tveit. Arealet er en del av kjerneområde landbruk. Området ligg i eit kupert terreng og vil vere svært synleg i landskapet.
Samfunn		
Transport		Godkjent avkjørsel frå Fv. 244. Men omfanget av innspelet kan gje trafikale utfordringar på Vestbygdvegen Fv. 244.

Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet er knytt opp til aktiv drift.
Folkehelse summert		
<p>Vurdering av forslaget: Innspelet kan bidra til forbetring av jordbruksareal. Det er fleire innspel i Tveit område. Innspelet har lite konfliktpotensiale, men er stort (32 daa). Dersom innspelet vert tatt følgje kan denne generere trafikale utfordringar og landskapsmessige endringar. Område er kupert og ligg i ein skråning og vil vere svært synleg i det eksisterande kulturlandskapet på Tveit. Vidare er det potensiale for arkeologiske funn i samband med kulturminner nært område. Rådmannen tilrår til at innspelet ikkje vert tatt inn i kommuneplanen.</p>		

Meland nr. 1.10

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 16/4

Storleik: Innspel, 5 daa. Område etter vurdering, Innspelet vert ikkje tilrådd.

Noverande areal: LNF **Forslått arealbruk:** LNF-spreidd næring

Områdeskildring: Området ligg i eit større samanhengande jordbrukslandskap på Meland nær Meland kyrkje.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



*Område med formål i gjeldande reguleringsplan
(Landbruksformål)*

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald		+		Registrert to raudlista artar (nær truga). Mjåtveitelva startar i området
Kulturminne kulturmiljø		+		Ikkje registrert i område, men område ligg tett mot Meland kyrkje
Landbruk	+			Jordbruksareal i drift
Friluftsliv	+			Ikkje store friluftssinteresser
Landskap/ strandsone		+		Kultur- og jordbrukslandskap i drift

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		Kan gje støy frå transport, som kan komme i konflikt med kyrkja sine aktivitetar.
Landbruk		Arealet er i aktiv drift i dag, og tiltaket kan bidra til jordforbetring.
Naturmangfald		Det er registrert to raudlista artar i område, sandsvale og gresshoppesanger. Begge står i kategorien nær truga. Mjåtveitelva begynner inne i område. Vassdraget er ein dårleg resipient og har fleire naturverdiar nærmare utløp i sjø.
Kultur		Ikkje registrert i innspelet, men ligg nært området mellom anna går den gamle kyrkevegen til den gamle kyrkja i Meland. Det er ein kopling i kulturmiljøet mellom ruinen etter den gamle kyrkja og den nye kyrkja.
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Kultur- og jordbruksareal sentralt i kommunen og i drift. Arealet er en del av kjerneområdelandbruk. Arealet ligg tett inntil Meland kyrkje og kyrkjegarden og er ein del av det gamle kulturlandskapet ved Meland kyrkje.

Samfunn		
Transport		Ikkje godkjent avkjørsel frå Fv. 244. Det er dårleg vegtilkomst i område. Transport vil kunne gje trafikale utfordringar.
Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet vil kunne bidra å sikra jordbruksareal for vidare og framtidig drift. Det er regulert ny veg nært område i gjeldane reguleringsplan.
Folkehelse summert		
<p>Vurdering av forslaget: Innspelet er kan bidra til forbetring av eksisterande jordbruksareal. Område ligg svært nær Meland kyrkje og kyrkjegarden, støy og transport kan komme i konflikt med kyrkja sine aktivitetar. Mjåtveitelva startar inne i området, dette vassdraget er ein dårleg resipient. Mottak av massar kan gje auka fare for avrenning til vassdraget. Det er også dårleg vegtilkomst til område på offentlege vegar. Rådmannen tilrår at innspelet ikkje vert tatt inn i kommuneplanen.</p>		

Fosse nr. 1.11

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 25/1

Storleik: Innspel, 10 og 29 daa. Område etter vurdering, Innspelet vert ikkje tilrådd.

Noverande areal: LNF **Forslått arealbruk:** LNF-spreidd næring

Områdeskildring: Området ligg i eit større samanhengande jordbrukslandskap på Fosse.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område med formål i gjeldande kommuneplan

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje registrert i område
Kulturminne kulturmiljø		+		Steingard rundt delar av område
Landbruk	+			Jordbruksareal i drift
Friluftsliv	+			Ikkje store friluftssinteresser
Landskap/ strandsone		+		Kultur- og jordbrukslandskap

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		
Landbruk		Arealet er i drift i dag, og tiltaket kan bidra til jordforbetring.
Naturmangfald		Ikkje registrert i område.
Kultur		Det går steingarder i området og det er mykje kulturminner rundt planområdet. Det er eit stort potensiale for fleire automatisk freda kulturminne. Påfylling kan gje auka risiko for konflikt med kulturminne.
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Kultur- og jordbruksareal på Fosse og i drift. Delar av arealet er skogkledd, småkupert og med stigning. Arealet som er foreslått er stort og vil bli synleg i landskapet.
Samfunn		

Transport		Ikkje godkjent avkjørsel frå kommunal veg. Vegen har varierende bredde og dårleg standard. Auka trafikkmengde er ikkje tilrådd grunna vegens standard
Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet vil kunne bidra å sikra jordbruksareal for vidare og framtidig drift.
Folkehelse summert		
<p>Vurdering av forslaget: Innspelet er kan bidra til forbetring av eksisterande jordbruksareal. Område har fleire kulturminner nært, og stort potensiale for fleire automatisk freda kulturminne. Bruk av overskotsmassar kan gje konflikt med kulturminne. Vidare er den kommunale vegen smal og har dårleg standard og det er ikkje tilrådd å auke trafikkmengda. Rådmannen tilrår ikkje til innspelet vert tatt inn i kommuneplanen.</p>		

Espetveit nr. 1.12.1

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 40/1

Storleik: Innspel, 11,2 og 12,2 daa. Område etter vurdering, 7,5 daa

Noverande areal: LNF Forslått arealbruk: LNF-spreidd næring

Områdeskildring: Området ligg i eit større samanhengande jordbrukslandskap på Espetveit.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område etter vurdering.

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfold	+			Ikkje registrert i område
Kulturminne kulturmiljø	+			Steingard på nordre del av område
Landbruk	+			Jordbruksareal i drift
Friluftsliv	+			Ikkje store friluftssinteresser
Landskap/ strandsone	+			Kultur- og jordbrukslandskap

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		
Landbruk		Delar av arealet er i drift i dag, og tiltaket kan bidra til jordforbetring og nytt jordbruksareal.
Naturmangfold		Ikkje registert i område.
Kultur		Steingard i nordre del av området. Arealet med steingard vert teke ut av området.
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Kultur- og jordbruksareal på Espetveit i drift, delar av arealet er skogkledd. Arealet som er foreslått er stort og vil bli synleg i landskapet.
Samfunn		
Transport		Avkjørsel frå Fv. 245 og arealet ligg langs vegen. Fv. 245 har varierende bredde og standard. Arealet ligg ikkje langt i frå areal lagt ut til bustad i kommuneplan og reguleringsplan utviding av Fosse-Moldekleiv

Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet vil kunne bidra å sikra jordbruksareal for vidare drift og bidra til nytt jordbruksareal.
Folkehelse summert		
<p>Vurdering av forslaget: Innspelet kan bidra til forbetring av eksisterande jordbruksareal samt nytt jordbruksareal. Område ligg sentralt i tilknytning til større planlagde utbyggingsområde. Innspelet er stort og vil vere svært synleg i landskapet og kunne endre landskapskarakter. Arealet med steingard vert teke ut av området. Vegtilkomst kan vere utfordrande da Fv. 245 har varierende standard. Rådmannen tilrår til at eit redusert areal vert tatt inn i kommuneplanen.</p>		

Espetveit nr. 1.12.2

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 40/8

Storleik: Innspel, 45 daa. Område etter vurdering, 20,9 daa.

Noverande areal: LNF Forslått arealbruk: LNF-spreidd næring


Områdeskildring: Området ligg i eit større samanhengande jordbrukslandskap på Espetveit.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område etter vurdering.

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje registrert i område
Kulturminne kulturmiljø	+			To SEFRAK ruinar registrert i området
Landbruk	+			Jordbruksareal i drift
Friluftsliv	+			Ikkje store friluftstinteresser
Landskap/ strandsone	+			Kultur- og jordbrukslandskap

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		
Landbruk		Delar av arealet er i drift i dag, og tiltaket kan bidra til jordforbetring og nytt jordbruksareal.
Naturmangfald		Ikkje registrert i område. Ligg tett innpå eit stort samanhengande myrområde med eit vatn.
Kultur		To SEFRAK ruinar registrert i området. Arealet med SEFRAK ruinane vert teke ut av området.
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Kultur- og jordbruksareal på Espetveit i drift, delar av arealet er halvope skog. Arealet er småkupert og ligg med fall ned i myrområde. Arealet som er foreslått er stort og vil bli synleg i landskapet.
Samfunn		

Transport		Avkjørsel frå Fv. 245 og arealet ligg nært vegen. Fv. 245 har varierende bredde og standard. Arealet ligg ikkje langt i frå areal lagt ut til bustad i kommuneplan og reguleringsplan utviding av Fosse-Moldekleiv
Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar / planprogram		Innspelet vil kunne bidra å sikra jordbruksareal for vidare drift og bidra til nytt jordbruksareal.
Folkehelse summert		

Vurdering av forslaget: Innspelet kan bidra til forbetring av eksisterande jordbruksareal samt nytt jordbruksareal. Område ligg sentralt i tilknytning til større planlagde utbyggingsområde og er eit område der er tatt i mot gjenbruksmassar tidlegare. Innspelet er veldig stort og vil vere svært synleg i landskapet og kunne endre landskapskarakter. Vegtilkomst kan vere utfordrande da Fv. 245 har varierende standard og det kan gje utfordringar med transport med store areal lagt ut til mottak av gjenbruksmassar. Arealet ligg nært myr og vatn, det kan gje uheldige konsekvensar å fylle massar nært dette. Dette kan medføra endra vassføring og gje meir avrenning. Arealet med SEFRAK ruinane vert teken ut av området. Rådmannen tilrår til at eit redusert areal vert tatt inn i kommuneplanen.

Refskar nr. 1.13.1

Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 38/1

Storleik: Innspel, 5 daa. Område etter vurdering, innspelet vert ikkje tilrådd.

Noverande areal: LNF Forslått arealbruk: LNF-spreidd næring


Områdeskildring: Området ligg i eit kupert og skogkledd kystlandskap på Refskar.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område med formål i gjeldande kommuneplan

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje registrert i område
Kulturminne kulturmiljø	+			Ikkje registrert i område
Landbruk	+			Skogkledd areal
Friluftsliv	+			Ikkje store friluftsjnteresser
Landskap/strandsone	+			Kupert og skogkledd kystlandskap

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		
Landbruk		Arealet er ikkje jordbruksareal i dag og er skogkledd med blandingskog.
Naturmangfald		Ikkje registrert i område. Det ligg to mindre bekkar inne i og i kanten av området.
Kultur		Ikkje kjente registreringar.
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Arealet ligg i eit mindre skogkledd dal og går vidare opp på ein mindre rygg. Arealet er kupert og ligg med fall mot to mindre bekkar.
Samfunn		
Transport		Det er ikkje avkjørsel frå Fv. 245 og arealet ligg nært/langs vegen. Fv. 245 har varierende bredde og standard.
Teknisk infrastruktur		Det går ein kommunal vassleidning gjennom kanten av arealet.
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet vil kunne bidra til nytt jordbruksareal.
Folkehelse summert		

Vurdering av forslaget: Innspelet kan bidra til nytt jordbruksareal. Innspelet vil bli synleg i landskapet og kunne endre landskapskarakter. Vegtilkomst kan vere utfordrande da Fv. 245 har varierende standard og det kan gje utfordringar med transport med store areal lagt ut til mottak av gjenbruksmassar. Arealet har ikkje avkøyring frå offentleg veg. Arealet ligg nært to mindre bekkar, det kan gje uheldige konsekvensar å fylle massar nært dette. Dette kan medføra endra vassføring og gje meir avrenning. Rådmannen tilrår til arealet ikkje vert tatt inn i kommuneplanen.

Refskar nr. 1.13.2


Innspel på areal til mottak av overskotsmassar.

Eigedom: 38/1

Storleik: Innspel, 7,85 daa. Område etter vurdering, 7,8 daa.

Noverande areal: LNF **Forslått arealbruk:** LNF-spreidd næring

Områdeskildring: Området ligg i eit større samanhengande jordbrukslandskap på Refskar.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område etter vurdering.

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje registrert i område
Kulturminne kulturmiljø		+		Ikkje registrert i område
Landbruk	+			Jordbruksareal i drift og ein mindre del skogkledd areal
Friluftsliv	+			Ikkje store friluftsjnteresser
Landskap/ strandsone	+			Kultur- og jordbrukslandskap

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		
Landbruk		Hovuddelen av arealet er i drift i dag, og tiltaket kan bidra til jordforbetring og nytt jordbruksareal.
Naturmangfald		Ikkje registrert i område.
Kultur		Ikkje kjente registreringar, men det kan være potensiale for arkeologiske funn under bakken.
Landskap, nærmiljø, grønstuktur friluftsliv		Kultur- og jordbruksareal på Refskar i drift, hovuddelen av arealet er i drift. Arealet er småkupert har mindre skogkledd areal.
Samfunn		
Transport		Avkjørsel frå Fv. 245 og arealet ligg nært vegen. Fv. 245 har varierende bredde og standard.

Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Innspelet vil kunne bidra å sikra jordbruksareal for vidare drift og bidra til nytt jordbruksareal.
Folkehelse summert		
<p>Vurdering av forslaget: Innspelet kan bidra til forbetring av eksisterande jordbruksareal samt nytt jordbruksareal. Vegtilkomst kan vere utfordrande da Fv. 245 har varierende standard og det kan gje utfordringar med transport med. Rådmannen tilrår til at arealet vert tatt inn i kommuneplanen.</p>		

2. Reiseliv

Fureskjegget nr. 2.1


Innspel på areal til reiseliv: Fritidsbustader for utleie med gjestehamn og serveringsstad.

Eigedom: 40/7

Storleik: Innspel, 16,5 daa. Område etter vurdering, 8,9 daa.

Noverande areal: LNF **Forslått arealbruk:** LNF-spreidd næring

Områdeskildring: Området ligg i eit LNF-område ned mot Radfjorden.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område etter vurdering.

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Registrert ein nær truga art
Kulturminne kulturmiljø		+		Fleire SEFRAK-registrerte bygningar i området
Landbruk	+			Eit mindre beiteareal inne i området
Friluftsliv		+		Merka turstiar mot Espetveit og Gaustad
Landskap/strandsone	+			Skogkledd og småkupert kystlandskap. Offentleg kai

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		
Landbruk		Eit mindre areal med innmarksbeite, elles skogkledd.
Naturmangfald		Registrert Ærfugl i område, som er ein nær truga art på raudlista
Kultur		Fleire SEFRAK-bygg i området. Potensiale for arkeologiske funn under bakken.
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Småkupert og skogkledd kystlandskap med historisk bygningsmiljø samla rundt offentleg kai. Ein liten del av planområde ligg på innmarksbeite. Denne vert teken ut for å redusera tap av dyrka mark.
Samfunn		
Transport		Kommunal veg med varierende standard fram til området.

Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Tiltaket er i tråd med planprogram på reiselivsnæring
Folkehelse summert		
<p>Vurdering av forslaget: Arealet er godt eigna til utleiehyttar då det ligg nært sjø og nært Bergen. Grunna trafikale utfordringar blir det ikkje teke med gjestehamn. Delar av området ligg i eksisterande kommuneplan som naustområde, dette vert liggande. Rådmannen tilrår at område nord/nord aust for kommunalveg vert lagt ut til areal for utleiehytter. Det må utarbeidast ein reguleringsplan for område dersom det skal byggast meir enn 3–4 utleiehytter med felles servicelokale, for å sikra at det historiske kulturmiljøet vert ivareteke. Reguleringsplanen kan og opna for serveringsstad og overnatting tilknytt det historiske kulturmiljøet. Innspelet vert tilpassa dyrka marka på bruket, slik at ein unngår å ta dyrka mark.</p>		

Fosse nr. 2.2

Innspel på areal til reiseliv: Fritidsbustader for utleige.

Eigedom: 25/1

Storleik: Innspel, 35 daa. Område etter vurdering, daa.

Noverande areal: LNF **Forslått arealbruk:** Området vert ikkje tilrådd


Områdeskildring: Området ligg i eit LNF-område på Fosse.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område vart ikkje tilrådd. Her er innspel vist saman med kommuneplan.

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje registrert i området
Kulturminne kulturmiljø	+			Ikkje registrert i området
Landbruk	+			Skogkledd, men ligg i kanten av eit mindre jordbruksareal
Friluftsliv		+		Nærturterreng, fleire stiar i området
Landskap/ strandsone	+			Kulturlandskap med spreidde bustader

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		
Landbruk		Eit mindre areal med innmarksbeite, elles skogkledd.
Naturmangfald		Ikkje kjente registreringar.
Kultur		Ikkje kjente registreringar
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Ligg i eit landbruks- og kulturlandskap med spreidd bustad. Nærturterreng med forbindelse til andre områder i kommune. Den søndre delen er ein del av eit landskapsrom langs Fosseelva.
Samfunn		
Transport		Kommunal veg med varierende standard fram til området.

Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Arealet ligg heilt inntil eit større bustadfelt (B17) i gjeldande kommuneplan, og kan komma i konflikt med dette. For framtidig arealbehov til bustader kan område aktuelt grunna plassering.
Folkehelse summert		
<p>Vurdering av forslaget: Arealet ligg nært eit området lagt ut bustader i gjeldane kommuneplan. Fritidsbustader og bustader i sammenblanding bør ein unngå då det erfaringsmessing kan gje konflikt. Vidare er delar av arealet ein del av det sentrale landskapsbilete som går langs Fosseelva. Plasseringa gjer at området truleg ikkje er godt eigna til utvikling av reiselivsnæring i Meland kommune.</p> <p>Rådmannen tilrår ikkje at område vert teke med inn kommuneplan.</p>		

Gripen nr. 2.3


Innspel på areal til reiseliv: Tretopphytter og lavo for utleige

Eigedom: 35/2

Storleik: Innspel, 52,4, 58 og 67,8 daa. Område etter vurdering, 2,3 og 13,5 daa.

Noverande areal: LNF **Forslått arealbruk:** LNF-Spreidd næring


Områdeskildring: Områda ligg i eit skogområde i Gripen og på ein holme i Storavatnet.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde og innspel



Område etter vurdering.

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje registrert i området
Kulturminne kulturmiljø	+			Ikkje registrert i området
Landbruk	+			Ligg i eit landbruksområde i drift
Friluftsliv			+	Ligg i viktige friluftslivs-områder i tilknytting til Storavatnet
Landskap/ strandsone		+		Eit område ligg i Storavatnet

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		
Landbruk		Ligg i eit landbruksområde i drift.
Naturmangfald		Ikkje kjente registreringar i områda.
Kultur		Ikkje kjente registreringar
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Ligg i eit landbruks- og kulturlandskap mot Storavatnet. Storavatnet med område mot Gripen er eit viktig turområde i kommunen. Eit område ligg på ein eigen holme i Storavatnet utan landforbindelse.
Samfunn		

Transport		Kommunal veg med varierende standard fram til området.
Teknisk infrastruktur		Ikkje aktuelt
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Tiltaket er i tråd med planprogram då det er innspel på berekraftig reiselivsutvikling knytt til landbruk.
Folkehelse summert		
<p>Vurdering av forslaget: Areal ligg i eit viktig friluftsområde, og Storavatnet er eit verna vassdrag. Innspelet legg opp til ein utvikling av reiseliv med små inngrep som vil vere lite synleg og gje lite negative konsekvensar. Samstundes er det foreslått store areal til tretopphytter og lavo for utleige.</p> <p>Rådmannen tilrår at eit redusert område vert teke med inn kommuneplan for å unngå for store inngrep i viktige friluftslivsområde.</p>		

Nedre Tveit nr. 2.4


Innspel på areal til reiseliv: lokaler til kurs i mat og handverkstradisjonar og overnatting

Eigedom: 12/2

Storleik: Innspel, 19,2 daa. Område etter vurdering, 14,9 daa.

Noverande areal: LNF **Forslått arealbruk:** Næringsbebyggelse.

Områdeskildring: Områda ligg i eit kulturlandskap på Nedre Tveit.



Oversiktskart



Område frå fyrste runde (XX) og innspel (XX)



Område etter vurdering.

Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Ikkje registrert i området
Kulturminne kulturmiljø	+			Ikkje registrert i området
Landbruk	+			Ligg i eit landbruksområde i drift
Friluftsliv	+			Ikkje store friluftslivsinteresser
Landskap/strandsone	+			Ligg eit småkupert kulturlandskap

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar, ikkje forureina grunn
Støy		
Landbruk		Ligg i eit landbruksområde i drift. Foreslått arealbruk er landbruksrelatert næringsutvikling.
Naturmangfald		Ikkje kjente registreringar i områda.
Kultur		Ikkje kjente registreringar
Landskap, nærmiljø, grønstruktur friluftsliv		Landbruks- og kulturlandskap i drift. Arealet er småkupert og delar er skogkledd med lauvskog. Ligg i kjerneområde landbruk. Innspelet ligg på dyrka mark, og vert redusert for å redusera tapet av dyrka mark.
Samfunn		
Transport		Godkjent avkøyrse frå Fv. 244.

Teknisk infrastruktur		Det skal leggest ny kommunal vass- og kloakk leidningar i kanten av Fv. 244. Området vert difor trekk vekk litt frå vegen for å unngå konflikt med desse. Det skal masseutskiftast til mulig framtidig gangveg.
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Ikkje aktuelt.
Samfunnstryggleik, beredskap		Det er ikkje pårekna at tiltaket vil gje auka risiko.
Born og unge		Ikkje aktuelt
Tilhøve til arealstrategiar /planprogram		Tiltaket er i tråd med planprogram då det er innspel på berekraftig reiselivsutvikling knytt til landbruk.
Folkehelse summert		
<p>Vurdering av forslaget: Areal ligg i eit kulturlandskap i drift og innspelet har lite konfliktpotensiale. Innspelet er i tråd med planprogrammet, men området er stort. Innspelet er landbruksrelatert næringsutvikling. Innspelet legg opp til eit kurslokale og hytter for overnatting. Det vert i innspelet legg opp til at ikkje heile arealet skal omdisponerast, og at det vert dyrka mark inne i planområdet. Rådmannen tilrår at eit redusert område vert teke med inn kommuneplan for å unngå for store inngrep i jordbruksarealet. Det vert stilt plankrav til området.</p>		

3. Vurdering akvakultur-område i sjø

Areal nr. 3.1.

Eigedom:

Storleik:

Noverande areal: 508 daa

Noverande areal: Ikkje avsett til akvakultur

Føreslått arealbruk: Akvakultur, område etter vurdering: område vert ikkje tilrådd

Områdeskildring: Området ligg i Sætreosen, utanfor øya Skorpo. Sætreosen ligg nordaust for Herdla, og den nordlege delen av Herdlefjorden. På det djupaste er osen i overkant av 100 meter djup.

Sætreosen har grunne tersklar både sørvestover mot Herdlefjorden og nordvestover (ut mot Hjeltefjorden). Øyene Ypso, Skarvøy og Lamøy ligg mellom Sætreosen og Herdlefjorden. Mellom desse øyene er det smale og grunne sund (7 – 29 m). Overgangen mellom Sætreosen og Hjeltefjorden i nordvest, Herdleflaket, har berre om lag 15 meter terskeldjup. Herdleflaket er den viktigste transportåra for overflate vassutskifting mellom Herdle- og Hjeltefjorden.

Kystområda langs hele norskekysten er delt inn i *vassførekomstar*. Hensikta med denne inndelinga er å sikre ei heilskapleg vassforvaltning, og vassførekomstane er først og fremst meint som ei inndeling som danner grunnlag for vurdering av menneskeskapte påverknader. For kvar enkelt vassførekomst er det blitt utført ei risikovurdering i forhold til å oppnå akseptabel miljøstatus, og det skal bestemast økologisk tilstand/potensial og kjemisk tilstand.

Sætreosen er ein del av vassførekomsten *Hjeltefjorden-nordre*. I vann-nett er denne vassførekomsten kategorisert med antatt god økologisk tilstand, med ingen risiko for at miljømålet ikkje kan nåast innan 2021. Sætreosen er likevel ein avgrensa del av denne vassførekomsten, som truleg har dårlegare vassutskifting enn resten av vassførekomsten, som ligg i den djupe og opne Hjeltefjorden.

Kart over området

Evt ta inn opprinneleg område og område etter vurdering



Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald			+	Området ligg tett på Herdla naturreservat, og det er dermed høg tettleik av registreringar av trua og sårbare sjø- og vadefuglar. Herdla er eit svært viktig våtmarksområde med eit særleg rikt og variert fugleliv.

Kulturminne Kulturmiljø	+			Ingen kjente registreringar.
Landbruk/fiskeri/næring		+		Området ligg innanfor rekefeltet <i>Sætre</i> , som har verdi A. Feltet er registrert som eit godt felt, med tidlegare restriksjonar mot fiske, på grunn av militært område.
Friluftsliv			+	Arealet ligg innanfor det regionale friluftsområdet «Øpso», som er registrert som «svært viktig», og ligg tett på friluftsområdet «Herdla» i Askøy kommune, som òg er registrert som «svært viktig». Begge desse områda er i kategori «strandsone med sjø og vassdrag». Arealet ligg i tillegg tett på det statleg sikra friluftsområdet Io. Dette området er kategorisert som «viktig», og vert nytta mellom anna til fiske og bading. Det ligg flotte pollar på nordsida av området, som er populære for båtfolket.
Landskap/ strandsone			+	Landområda innanfor AK-arealet er vist som naustområde i gjeldande kommuneplan, og det ligg ein del flytebrygger/fellesanlegg for småbåtar langs strandlinja. Arealet ligg innanfor <i>Sætreosen</i> , som er registrert som ein landskapstype med stor verdi. Dette er registrert som eit indre øy-, holme- og skjærgårdslandskap. Det er vidare skildra som eit område med god samanheng og heilskap, og særleg verdifulle natur- og kulturelement, der Herdla er eit sentralt landskapselement.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar. Krav til utslepp vert ivareteke ved eventuell søknad om produksjonskonsesjon
Støy		
Landbruk/fiskeri/næring		Arealet kan koma i konflikt med fiskeriinteresser på grunn av nærleiken til eit viktig rekefelt.
Naturmangfald		Avstanden er kort til Herdla naturreservat, og det er ein god del registreringar av sårbar sjøfugl i nærområda til arealet. Forstyrningar både frå etableringsfasen og driftsfasen ved oppdrettsanlegga kan påverka sjøfugl negativt, men det manglar generelt kunnskap om kva påverknad akvakulturanlegg har på sjøfugl og pattedyr.
Kulturminne, kulturmiljø		Ingen kjente registreringar
Landskap, nærmiljø, grønnstruktur, friluftsliv		Eit oppdrettsanlegg vil for dei fleste opplevast som eit forstyrrende element i kystlandskapet. Sjølv om det ikkje ligg bustadfelt eller hytteområde tett på arealet, er dette eit område med store kvalitetar knytt til landskap og friluftsliv, og etablering av eit oppdrettsanlegg her vil påverka desse kvalitetane negativt. Det vil i henhold til regelverket vera fiskeforbod i eit område på 100 meter rundt heile anlegget, og eit ferdselforbod på 20 meter rundt anlegget.
Samfunn		

Sjøtransport		Bileia går på den andre sida av kommunegrensa i dette området, og AIS-sporing viser at det ikkje er mykje trafikk av større fartøy i dette området. Det kan likevel vera eit konfliktpotensiale knytt til småbåttrafikk, då området er eit viktig område for friluftsliv og bruk av fritids-/småbåt
Teknisk infrastruktur		Leidningar i sjø, fortøyingar og liknande må handsamast i samband med søknad om lokalitet.
Folketalsutvikling, tjenestetilbod		Etablering av fleire akvakulturanlegg i kommunen kan medføra fleire arbeidsplassar.
Samfunnstryggleik, beredskap		Faktorar som smitterisiko og rømmingsrisiko må avklarast i samband med søknad om lokaliteten i samsvar med sektorlovgivning. Ulukker med småbåt kan vere ei problemstilling, og anlegg har eit ferdslforbod på 20 meter rundt anlegget.
Born og unge		Ingen påverknad på born og unge sine oppvekstvilkår
Tilhøve til arealstrategiar		Kommunen ønskjer å leggja til rette for akvakulturnæringa, mellom anna ved å setja av areal i sjø. Tiltaket er soleis i tråd med arealstrategiane til kommunen.
Folkehelse oppsummert		Ingen påverknad på folkehelse
Vurdering av forslaget: Området vert ikkje tilrådd, med bakgrunn i følgjande: <ul style="list-style-type: none"> - Dei smale og grunne sunda mellom Sætreosen og Herdlefjorden tilseier at vassutskiftinga i området truleg er dårleg - Området ligg nært på Herdla naturreservat, og lokaliseringa er soleis uheldig med tanke på sjøfugl - Området ligg i det regionale friluftsområdet «Øpso», som er registrert som svært viktig. I tillegg vil eit anlegg vera godt synleg frå friluftsområdet «Herdla» i Askøy kommune - Arealet ligg i eit landskapsområde med stor verdi 		

Areal nr. 3.2

Eigedom:

Storleik: ca. 898 daa

Noverande areal: Ikkje avsett til akvakultur

Føreslått arealbruk: Akvakultur, område etter vurdering: område vert ikkje tilrådd

Områdeskildring: Arealet ligg heilt sør i kommunen, i overgangen mellom Herdlefjorden, Salhusfjorden og nordre del av Byfjorden.

Området ligg ope til ut mot Herdlefjorden. Topografien i området består av bratt skrånande sjøbotn, ned til djup på nærare 500 meter.

Herdlefjorden har innløp nord for Herdla og sør for Agnøyane på nordvestsida av Holsnøy. Fjorden er om lag 16 km lang og om lag 1 – 2 km brei, og hovudløpet til fjorden går i retning søraust–nordvest. Fjorden er open i begge endar, men det er store variasjonar i djupn. Det er fleire grunne tersklar i nordvest, i området ved Herdla. Nord for Herdla, på Herdleflaket, er det berre om lag 15 m terskeldjup. Herdleflaket er overgangen mellom Herdlefjorden og Hjeltefjorden, og er den viktigste transportåra for overflate vassutskifting mellom Herdle- og Hjeltefjorden.


Frå Herdla i retning søraust blir fjorden gradvis breiare, og ved innløpet til Byfjorden er det ope, her er Herdlefjorden om lag 2 km brei, og om lag 450 meter djup. Terskeldjupet ut mot Hjeltefjorden er om lag 170 meter ved Hjelteskjeret.

Kystområda langs hele norskekysten er delt inn i *vassførekomstar*. Hensikta med denne inndelinga er å sikre ei heilskapleg vassforvaltning, og vassførekomstane er først og fremst meint som ei inndeling som danner grunnlag for vurdering av menneskeskapte påverknader. For kvar enkelt vassførekomst er det blitt utført ei risikovurdering i forhold til å oppnå akseptabel miljøstatus, og det skal bestemast økologisk tilstand/potensial og kjemisk tilstand.

Dette området ligg dels innanfor vassførekomsten *Herdlefjorden - søndre*, og dels innanfor *Byfjorden*. I vann-nett er vassførekomsten *Herdlefjorden - søndre* kategorisert med antatt moderat økologisk tilstand, med risiko for at miljømålet ikkje kan nåast innan 2021. Stor grad av avrenning frå *annan diffus* kilde er oppgitt som påverknad på vassførekomsten. Miljøeffekten av denne påverknaden er forureina sediment.

Vassførekomsten *Byfjorden* er kategorisert med antatt moderat økologisk tilstand, og med risiko for at miljømålet ikkje kan nåast innan 2021.

Kart over området



Verdivurdering

Liten

Middels

Stor

Merknader

Naturmangfald	+			Det er ikkje registrert naturtypar eller verneområde i eller like i nærleiken av området. Utløpet til sjøaurevassdraget <i>Mjåtveitelva</i> ligg i den tilgrensande strandsona. I rapporten frå 1999 er det konkludert med at Mjåtveitelva er ei viktig sjøaureelv, med gode gyte- og oppvekstforhold, og at produksjonen av aure er god. Dei siste 15 åra er det gjort enkeltobservasjonar av sjøfuglartane fiskemåke (nær trua) og hettemåke (sårbar) i nærområda til arealet. Det er likevel ikkje kjent at dette er eit kjerneområde for desse artane.
Kulturminne Kulturmiljø	+			Ingen kjente registreringar.
Landbruk/fiskeri/næring	+			Det er registrert låssettingsplassar i Elvavika og Naustvika, som ligg langs strandlinja innanfor området. Naustvika ligg inne i gjeldande kommuneplan. Det er elles ikkje registrert fiskeplassar for aktive eller passive reiskap i eller i nærleiken av området.
Friluftsliv		+		Landområda innanfor arealet er registrert som viktige friluftsområde, både regionalt viktige og statleg sikra. Områda vert mykje brukt mellom anna til bading.
Landskap/ strandsona			+	Landområda er forholdsvis tett utbygd med bustader, og det ligg viktige friluftsområde i strandsona

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar. Krav til utslepp vert ivareteke ved eventuell søknad om produksjonskonsesjon.
Støy		
Landbruk/fiskeri/næring		Etablering av akvakulturanlegg i området vil kunne redusera bruksverdien på dei to registrerte låssettingsplassane. Verdien av desse er ukjent. Det er elles ikkje kjent konfliktpotensiale knytt til fiskeriinteresser.
Naturmangfald		Etablering av akvakultur i området kan påverka sjøaurevassdraget <i>Mjåtveitelva</i> negativt. Det er gjort nokre registreringar av sårbar sjøfugl i nærområda til arealet. Det er likevel ikkje kjent at dette er viktige område for desse artane.
Kulturminne, kulturmiljø		Ingen kjente registreringar
Landskap, nærmiljø, grønnstruktur, friluftsliv		Etablering av akvakultur i området vil truleg opplevast som konfliktylt både for dei som er busette i området, og for brukarar av dei sjønære friluftsområda, badeplassar og liknande. Det vil i henhold til regelverket vera fiskeforbod i eit område på 100 meter rundt heile anlegget, og eit ferdseforbod på 20 meter rundt anlegget.
Samfunn		
Sjøtransport		Det kan vera eit visst konfliktpotensiale knytt til sjøtransport i dei områda som ligg lengst ut i fjorden, men

		AIS-sporinga viser at det ikkje er tett trafikk i området.
Teknisk infrastruktur		Leidningar i sjø, fortøyingar og liknande må handsamast i samband med søknad om lokalitet.
Folketalsutvikling, tjenestetilbod		Etablering av fleire akvakulturanlegg i kommunen kan medføre fleire arbeidsplassar.
Samfunnstryggleik, beredskap		Faktorar som smitterisiko og rømmingsrisiko må avklarast i samband med søknad om lokaliteten i samsvar med sektorlovgivning. Ulukker med småbåt kan vere ei problemstilling, og anlegg har eit ferdslforbod på 20 meter rundt anlegget.
Born og unge		Liten påverknad på born og unge sine oppvekstvilkår, så lenge eventuelle anlegg ikkje kjem i direkte konflikt med badeviker eller friluftsområde.
Tilhøve til arealstrategiar		Kommunen ønskjer å leggja til rette for akvakulturnæringa, mellom anna ved å setja av areal i sjø. Tiltaket er soleis i tråd med arealstrategiane til kommunen.
Folkehelse oppsummert		Ingen påverknad på folkehelse.
Vurdering av forslaget: Området vert ikkje tilrådd på bakgrunn av vurderingane knytt til nærmiljø og friluftsliv. Området vert samstundes for smalt til at det i særleg grad vil eigna seg til akvakultur.		

Areal nr 3.3

Eigedom:

Storleik: ca. 425 daa

Noverande areal: Ikkje avsett til akvakultur

Føreslått arealbruk: Akvakultur, område etter vurdering: område vert ikkje tilrådd

Områdeskildring: Arealet ligg i Salhusfjorden, på sørsida av Flatøy, heilt aust i kommunen.

Området ligg ope til ut mot Salhusfjorden. Topografien i området består av bratt skrånande sjøbotn, ned til djup på vel 500 meter.

Salhusfjorden ligg mellom Salhus i søraust og Frekhaug i nordvest og startar der Byfjorden møter Herdlefjorden som kjem frå nordvest. Salhusfjorden endar mellom Klubben i Knarvik i nord og Hordvikneset i sør. Herfrå går Osterfjorden vidare nordaustover, mens Sørfjorden går søraustover.

Kystområda langs heile norskekysten er delt inn i *vassførekomstar*. Hensikta med denne inndelinga er å sikre ei heilskapleg vassforvaltning, og vassførekomstane er først og fremst meint som ei inndeling som danner grunnlag for vurdering av menneskeskapte påverknader. For kvar enkelt vassførekomst er det blitt utført ei risikovurdering i forhold til å oppnå akseptabel miljøstatus, og det skal bestemast økologisk tilstand/potensial og kjemisk tilstand.

Dette området ligg innanfor vassførekomsten *Knarvik*. I vann-nett er denne vassførekomsten kategorisert med antatt god økologisk tilstand, med ingen risiko for at miljømålet ikkje kan nåast innan 2021.

Kart over området



Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Det er ikkje registrert naturtypar eller verneområde i eller like i nærleiken av området. Dei siste 15 åra er det gjort enkeltobservasjonar av sjøfuglartane havelle (nær truet), ærfugl (nær truet) og fiskemåke (nær trua) i nærområda til arealet. Det er likevel ikkje kjent at dette er eit kjerneområde for desse artane.
Kulturminne Kulturmiljø	+			Ingen kjente registreringar.

Landbruk/fiskeri/næring	+			Låssettingsplassen Søre Krossnesviki ligg innanfor området. Denne ligg òg inne i gjeldande kommuneplan. Det er elles ikkje registrert fiskeplassar for aktive eller passive reiskap i eller i nærleiken av området.
Friluftsliv	+			Området grensar til eit statleg sikra friluftsområde (Hagelsund). Det er elles ikkje kjent at området er mykje brukt til friluftsliv.
Landskap/ strandsone		+		Landområda er forholdsvis tett utbygd med bustader, som ligg orientert ut mot fjorden.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar. Krav til utslepp vert ivareteke ved eventuell søknad om produksjonskonsesjon.
Støy		
Landbruk/fiskeri/næring		Etablering av akvakulturanlegg i området vil kunne redusera bruksverdien av den nærliggjande låssettingsplassen. Verdien av denne er ukjent. Det er elles ikkje kjent konfliktpotensiale knytt til fiskeriinteresser.
Naturmangfald		Ingen kjent påverknad på registreringar i området. Det er gjort nokre registreringar av sårbar sjøfugl i nærområda til arealet. Det er likevel ikkje kjent at dette er viktige område for desse artane.
Kulturminne, kulturmiljø		Ingen kjente registreringar.
Landskap, nærmiljø, grønnstruktur, friluftsliv		Etablering av akvakultur i området vil truleg opplevast som konfliktfylt både for dei som er busette i området og andre som nyttar område. Det vil i henhold til regelverket vera fiskeforbod i eit område på 100 meter rundt heile anlegget, og eit ferdseleforbod på 20 meter rundt anlegget.
Samfunn		
Sjøtransport		Det kan vera eit visst konfliktpotensiale knytt til sjøtransport i dei områda som ligg lengst ut i fjorden, men AIS-sporinga viser at det ikkje er tett trafikk i området.
Teknisk infrastruktur		Leidningar i sjø, fortøyingar og liknande må handsamast i samband med søknad om lokalitet.
Folketalsutvikling, tjenestetilbod		Etablering av fleire akvakulturanlegg i kommunen kan medføra fleire arbeidsplassar.
Samfunnstryggleik, beredskap		Faktorar som smitterisiko og rømmingsrisiko må avklarast i samband med søknad om lokaliteten i samsvar med sektorlovgivning. Ulukker med småbåt kan vere ei problemstilling, og anlegg har eit ferdseleforbod på 20 meter rundt anlegget.
Born og unge		Liten påverknad på born og unge sine oppvekstvilkår
Tilhøve til arealstrategiar		Kommunen ønskjer å leggja til rette for akvakulturnæringa, mellom anna ved å setja av areal i sjø. Tiltaket er soleis i tråd med arealstrategiane til kommunen.
Folkehelse oppsummert		Ingen påverknad på folkehelse.

Vurdering av forslaget:

Arealet vert ikkje tilrådd, med bakgrunn i følgjande:

- Arealet ligg tett på fleire bustadområde, bilei og nordhordlandsbrua. Lokaliseringa vil truleg opplevast som konfliktfylt for bebuarar og brukarar av området, og vil føre med seg eit ferdsle- og fiskeforbod som ikkje er spesielt gunstig på staden
- Etter at området er justert for å koma seg vekk frå land og låssettingsplass, vert arealet såpass lite at det ikkje vert sett på som gunstig å setja det av til akvakultur. Ein får då ikkje den fleksibiliteten som er ønskjeleg

Areal nr. 3.4

Eigedom:

Storleik: ca. 345 daa

Noverande areal: ca. 58 daa

Noverande areal: Ferdsle og akvakultur

Føreslått arealbruk: Akvakultur

Områdeskildring: Arealet ligg i Herdlefjorden, på sørvestsida av Holsnøy.

Området ligg ope til ut mot Herdlefjorden. Topografien i området består av bratt skrånande sjøbotn, ned til djup på rundt 300 meter.

Herdlefjorden har innløp nord for Herdla og sør for Agnøyane på nordvestsida av Holsnøy. Fjorden er om lag 16 km lang og om lag 1 – 2 km brei, og hovudløpet til fjorden går i retning søraust–nordvest. Fjorden er open i begge endar, men det er store variasjonar i djupn. Det er fleire grunne tersklar i nordvest, i området ved Herdla. Her vert Herdlefjorden omkransa av øyene Ypso, Skarvøy og Lamøy mot nordaust, og av Askøy i sørvest, og Herdla i nordvest. Fjorden går ved Ypso, Skarvøy og Lamøy over i smale og grunne sund (7 – 29 m), før det blir djupare igjen i Sætreosen (over 100 meter). Rett nord for Herdla blir det grunnare igjen slik at det på Herdleflaket berre er om lag 15 m terskeldjup. Herdleflaket er overgangen mellom Herdlefjorden og Hjeltefjorden, og er den viktigste transportåra for overflate vassutskifting mellom Herdle- og Hjeltefjorden.

Frå Herdla i retning søraust blir fjorden gradvis breiare, og ved innløpet til Byfjorden er det ope, her er Herdlefjorden om lag 2 km brei, og om lag 450 meter djup. Terskeldjupet ut mot Hjeltefjorden er om lag 170 meter ved Hjelteskjeret.

Kystområda langs heile norskekysten er delt inn i *vassførekomst*. Hensikta med denne inndelinga er å sikre ei heilskapleg vassforvaltning, og vassførekomstane er først og fremst meint som ei inndeling som danner grunnlag for vurdering av menneskeskapte påverknader. For kvar enkelt vassførekomst er det blitt utført ei risikovurdering i forhold til å oppnå akseptabel miljøstatus, og det skal bestemast økologisk tilstand/potensial og kjemisk tilstand.

Dette området ligg innanfor vassførekomsten *Herdlefjorden - nordre*. I vann-nett er denne vassførekomsten kategorisert med antatt god økologisk tilstand, med ingen risiko for at miljømålet ikkje kan nåast innan 2021. Liten grad av avrenning og utslepp frå fiskeoppdrett, og dermed auke i mengde næringsstoff er nemnd som påverknad på vassførekomsten.

Kart over området

Før KU. Kombinert føremål i gjeldande KPA er vist med striper, og innspel er rosa:



Etter KU. Gjeldane KPA er vist med striper:



Verdivurdering

Liten

Middels

Stor

Merknader

Naturmangfald		+		Området overlappar dels med gyteområdet <i>Ypsehamni/Eikeland</i> , som er eit gyteområde for torsk. Utløpet av sjøaurevassdraget Eikelandselva ligg innanfor området. Dette er ein stilleflytande bekk som renn frå Eikelandsvatnet. I 1999 produserte elva lite aure på tross av gode gyteforhold. Dei siste 15 åra er det gjort enkeltobservasjonar av sjøfuglartane sjøorre (sårbar), makrellterne (sterkt trua), ærfugl (nær trua) og fiskemåke (nær trua) i nærområda til arealet. Det er likevel ikkje kjent at dette er eit kjerneområde for desse artane.
Kulturminne Kulturmiljø	+			Ingen kjente registreringar
Landbruk/fiskeri/næring		+		Området ligg nært rekefeltet <i>Ypso</i> , som har verdi A. Feltet er skildra som eit godt felt, men det skal liggja ein kabel i feltet, som skal vera bolta fast i veggen og grusa på botn. Feltet er vidare skildra som svært smalt og bratt. Området overlappar dels med eit fiskeområde for passive reiskap. Dette området er registrert som fiskeplass for torsk, og overlappar med gyteområdet for torsk. Akvakulturlokaliteten Kjepevikholmen ligg innanfor området. Arealet grensar til Forsvaret sitt forbodsområde.
Friluftsliv		+		Området grensar til det svært viktige regionale friluftsområdet lo- Øpso.
Landskap/ strandsone		+		Det ligg ein del hytter i strandsona langs området, og i sør (?) er det golfbane.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar. Krav til utslepp vert ivareteke ved eventuell søknad om produksjonskonsesjon.
Støy		Ingen spesielle moment.
Landbruk/fiskeri/næring		Arealet kan koma i konflikt med fiskeriinteresser på grunn av nærleiken til eit viktig rekefelt, og eit fiskeområde for passive reiskap. Arealet grensar til Forsvaret sitt forbodsområde

Naturmangfald		Etablering av akvakultur i området kan påverka sjøarevassdraget Eikelandselva negativt. Kysttorskbestandane langs vestlandskysten har blitt sterkt redusert dei siste åra, og det er viktig å ha ein føre-var haldning i forvaltninga av desse bestandane. Det manglar generelt kunnskap om korleis gyteområde vert påverka av utslepp av organisk materiale frå matfiskanlegg, og korleis egg, larver og juvenil fisk kan bli påverka av eventuelle utslepp av lusemiddel. Det er gjort ein del registreringar av sårbare sjøfuglar i nærområda til arealet. Det er likevel ikkje kjent at dette er viktige område for desse artane.
Kulturminne, kulturmiljø		Ingen kjente registreringar
Landskap, nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv		Det ligg ein del hytter i strandsona i området, og etablering av oppdrettsanlegg vil truleg opplevast som eit forstyrrende element i for hytteeigarar og andre brukarar av strandsona. Det vil i henhold til regelverket vera fiskeforbod i eit område på 100 meter rundt heile anlegget, og eit ferdselsforbod på 20 meter rundt anlegget.
Samfunn		
Sjøtransport		Det er eit konfliktpotensiale knytt til sjøtransport i dei områda som ligg tettast på kommunegrensa mot Askøy. Her går bileia, og AIS-sporing viser at det er ein del trafikk i området. Konfliktpotensialet vert redusert nærare land.
Teknisk infrastruktur		Leidningar i sjø, fortøyingar og liknande må handsamast i samband med søknad om lokalitet.
Folketalutvikling, tjenestetilbod		Etablering av fleire akvakulturanlegg i kommunen kan medføra fleire arbeidsplassar.
Samfunnstryggleik, beredskap		Faktorar som smitterisiko og rømmingsrisiko må avklarast i samband med søknad om lokaliteten i samsvar med sektorlovgiving. Ulukker med småbåt kan vere ei problemstilling, og anlegg har eit ferdsleforbod på 20 meter rundt anlegget.
Born og unge		Ingen påverknad på born og unge sine oppvekstvilkår
Tilhøve til arealstrategiar		Kommunen ønskjer å leggja til rette for akvakulturnæringa, mellom anna ved å setja av areal i sjø. Tiltaket er soleis i tråd med arealstrategiane til kommunen.
Folkehelse oppsummert		Ingen påverknad på folkehelse
Vurdering av forslaget: Arealet vert tilrådd, men med følgjande justeringar: <ul style="list-style-type: none"> - Arealet er trekt utanfor rekefelt, forsvaret sitt forbodsområde, gyteområde, farlei og vekk frå land - Kombinert føremål «Ferdse og akvakultur» i gjeldande kommuneplan er utvida, og gjort om til område for akvakultur. Det utvida arealet dekkjer området som er spelt inn av Blom i samband med rulleringa av kommuneplanen. Arealet som er avsett til akvakultur er stort nok til at ein kan justera og utvida eksisterande anlegg, utan at det fører til store negative konsekvensar for lokalmiljøet og andre viktige registreringar. 		

Areal nr 3.5

Eigedom:

Storleik: ca. 535 daa

Noverande areal: Ikkje avsett til akvakultur

Føreslått arealbruk: Akvakultur

Områdeskildring: Arealet ligg langt søraust i Herdlefjorden, på sørsida av Meland kommune.

Området ligg ope til ut mot Herdlefjorden. Topografien i området består av bratt skrånande sjøbotn, ned til djup på i overkant av 300 meter, ned mot 400 meter lengst mot søraust. Herdlefjorden har innløp nord for Herdla og sør for Agnøyane på nordvestsida av Holsnøy. Fjorden er om lag 16 km lang og om lag 1 – 2 km brei, og hovudløpet til fjorden går i retning søraust–nordvest. Fjorden er open i begge endar, men det er store variasjonar i djupn. Det er fleire grunne tersklar i nordvest, i området ved Herdla. Nord for Herdla, på Herdleflaket, er det berre om lag 15 m terskeldjup. Herdleflaket er overgangen mellom Herdlefjorden og Hjeltefjorden, og er den viktigste transportåra for overflate vassutskifting mellom Herdle- og Hjeltefjorden.

Frå Herdla i retning søraust blir fjorden gradvis breiare, og ved innløpet til Byfjorden er det ope, her er Herdlefjorden om lag 2 km brei, og om lag 450 meter djup. Terskeldjupet ut mot Hjeltefjorden er om lag 170 meter ved Hjelteskjeret.

Kystområda langs heile norskekysten er delt inn i *vassførekomst*. Hensikta med denne inndelinga er å sikre ei heilskapleg vassforvaltning, og vassførekomstane er først og fremst meint som ei inndeling som danner grunnlag for vurdering av menneskeskapte påverknader. For kvar enkelt vassførekomst er det blitt utført ei risikovurdering i forhold til å oppnå akseptabel miljøstatus, og det skal bestemast økologisk tilstand/potensial og kjemisk tilstand.


Dette området ligg innanfor vassførekomsten *Herdlefjorden - søndre*. I vann-nett er denne vassførekomsten kategorisert med antatt moderat økologisk tilstand, med risiko for at miljømålet ikkje kan nåast innan 2021. Stor grad av avrenning frå *annan diffus* kilde er oppgitt som påverknad på vassførekomsten. Miljøeffekten av denne påverknaden er forureina sediment.

Kart over området

Før KU. Innspel frå Blom er vist med rosa:



Etter KU:



Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald		+		Det er ikkje registrert naturtypar eller verneområde i eller like i nærleiken av området. Dei siste 15 åra er det gjort enkeltobservasjonar av sjøfuglartane ærfugl (nær trua) og fiskemåke (nær trua) i nærområda til arealet. Det er likevel ikkje kjent at dette er eit kjerneområde for desse artane. Det er og registrert anna viktig naturmangfald i området.
Kulturminne Kulturmiljø	+			Ingen kjente registreringar i området. Det næraste registrerte kulturmiljøet av ein viss storleik er Holmeknappen, som ligg 150-200 meter nord for arealet.
Landbruk/fiskeri/næring	+			Området kjem ikkje i konflikt med registrerte fiskeplassar for aktive eller passive reiskap. Arealet grensar til Forsvaret sitt forbodsområde.
Friluftsliv	+			Det er ikkje registrert regionale eller statleg sikra friluftsområde i eller i nærleiken av området. Dei tilgrensande landområda vert brukt som nærturområde.
Landskap/ strandsone		+		Bustadfeltet Dalemarka ligg i den tilgrensande strandsona. Etablering av oppdrettsanlegg kan opplevast som eit forstyrrende element for dei som bur i bustadfeltet og andre brukarar av strandsona.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ingen kjente registreringar. Krav til utslepp vert ivareteke ved eventuell søknad om produksjonskonsesjon.
Støy		Ingen spesielle moment.
Landbruk/fiskeri/næring		Ingen kjent overlapp med fiskeriinteresser i området. Arealet grensar til Forsvaret sitt forbodsområde.
Naturmangfald		Etablering av akvakultur i området kan påverka sjøarevassdraget Holmeelva negativt. Det er gjort nokre registreringar av sårbar sjøfugl i nærområda til arealet. Det er likevel ikkje kjent at dette er viktige område for desse artane.
Kulturminne, kulturmiljø		Ingen kjente registreringar.

Landskap, nærmiljø, grønnstruktur, friluftsliv		Etableringa av eit oppdrettsanlegg i området kan vera konfliktylt for innbyggjarar i Dalemarka bustadfelt, og for andre brukarar av strandsona i eit område som vert brukt som nærturområde. Det vil i henhold til regelverket vera fiskeforbod i eit område på 100 meter rundt heile anlegget, og eit ferdseforbod på 20 meter rundt anlegget.
Samfunn		
Sjøtransport		Det kan vera eit visst konfliktpotensiale knytt til sjøtransport i dei områda som ligg tettast på kommunegrensa mot Askøy. Sjølve bileia går på den andre sida av kommunegrensa i dette området, og AIS-springa viser òg at hovudvekta av sjøtransport går på Askøysida.
Teknisk infrastruktur		Leidningar i sjø, fortøyingar og liknande må handsamast i samband med søknad om lokalitet.
Folketalsutvikling, tjenestetilbod		Etablering av fleire akvakulturanlegg i kommunen kan medføra fleire arbeidsplassar.
Samfunnstryggleik, beredskap		Faktorar som smitterisiko og rømmingsrisiko må avklarast i samband med søknad om lokaliteten i samsvar med sektorlovgivning. Ulukker med småbåt kan vere ei problemstilling, og anlegg har eit ferdseforbod på 20 meter rundt anlegget.
Born og unge		Ingen påverknad på born og unge sine oppvekstvilkår
Tilhøve til arealstrategiar		Kommunen ønskjer å leggja til rette for akvakulturnæringa, mellom anna ved å setja av areal i sjø. Tiltaket er soleis i tråd med arealstrategiane til kommunen.
Folkehelse oppsummert		Ingen påverknad på folkehelse
Vurdering av forslaget: Arealet vert tilrådd, men med følgjande endringar: <ul style="list-style-type: none"> - Arealet vert gjort mindre i nordvest og søraust, og vert konsentrert rundt det innspelte området til Blom fiskeoppdrett. Dette gjer at ein kjem lengre vekk frå forsvaret sitt forbodsområde, og frå busetnad på land. - Arealet har tidlegare vore diskutert som område for akvakultur, men utanom rullering av kommuneplan. Arealet som er avsett til akvakultur er stort nok til at ein kan få til gunstig utforming av eit anlegg, utan at det fører til store negative konsekvensar for lokalmiljøet og andre viktige registreringar. 		

Areal nr. 3.6

Eigedom:

Storleik: ca. 577 + 271 daa

Noverande areal: ca. 240 daa

Føreslått arealbruk: Kombinert formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone

Områdeskildring: Arealet ligg i Radfjorden, på nordaustsida av Holsnøy, mellom Vardneset og Skarpeneset. Arealet ligg langs land ut mot Radfjorden. Topografien i området består av skrånande sjøbotn, ned til djup på om lag 200 meter.

Det ligg eit område med kombinert føremål inkludert akvakultur inne i gjeldande kommuneplan, som dels overlappar med arealet.


Radfjorden strekk seg i nordvest-søraust retning på nordaustsida av Holsnøy. I Radfjorden er det ein terskel på kun 28 meter i den smale renna i søraust. I dette området er sundet berre om lag 230 meter breitt på det smalaste. I nordvest er det òg ein terskel på 24 meter, og sundet i dette området er berre om lag 160 meter breitt. Dette betyr at både innløp og utløp til Radfjorden har store naturlege avgrensingar for vassutskifting ut og inn av fjorden. Dei djupaste områda i Radfjorden er på om lag 209 meter og breidda på fjorden i dette området er nesten 1 km.

Kystområda langs heile norskekysten er delt inn i *vassførekomst*. Hensikta med denne inndelinga er å sikre ei heilskapleg vassforvaltning, og vassførekomstane er først og fremst meint som ei inndeling som danner grunnlag for vurdering av menneskeskapte påverknader. For kvar enkelt vassførekomst er det blitt utført ei risikovurdering i forhold til å oppnå akseptabel miljøstatus, og det skal bestemast økologisk tilstand/potensial og kjemisk tilstand.

Dette området ligg innanfor vassførekomsten *Radfjorden*. I vann-nett er denne vassførekomsten kategorisert med antatt moderat tilstand, med risiko for at miljømålet ikkje kan nåast innan 2021.. Det er per i dag fire oppdrettsanlegg i Radfjorden, og det er gjort målingar som viser at det er ei kraftig opphopning av kopar under desse anlegga. Målingane er tett oppunder grensa til *dårleg miljøtilstand* i fjordbotnen. Den høge koparkonsentrasjonen kjem truleg frå spyling og avrenning frå koparimpregnerte oppdrettsnøter. Dei fire anlegga har no byta ut nøtene i fjorden (september 2018).

Kart over området

Før KU. Kombinert føremål i gjeldande KPA er vist med stripete fyll:



Etter KU:



Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Det er ikkje registrert naturtypar, verneområde eller raudlisteartar i eller like i nærleiken av området.
Kulturminne Kulturmiljø	+			Ingen kjente registreringar.
Landbruk/fiskeri/næring		+		Området grensar til eit rekefelt med verdi A i Radfjorden. Det ligg allereie fire etablerte akvakulturanlegg i Radfjorden.
Friluftsliv	+			Det er ingen registrerte friluftsområde i eller rett i nærleiken av området. Det er ikkje kjent at området er mykje brukt til friluftsliv.
Landskap/ strandsone			+	Strandsona i området er lite utbygd, og har soleis høg opplevingsverdi.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar. Krav til utslepp vert ivareteke ved eventuell søknad om produksjonskonsesjon.
Støy		Ingen spesielle moment.
Landbruk/fiskeri/næring		Det er allereie 4 etablerte oppdrettsanlegg i Radfjorden. Alle desse ligg i Radøy kommune. Per i dag vil ein koma innanfor den rettleiande avstanden som Mattilsynet har sett mellom akvakulturanlegg i sjø. Arealet kan koma i konflikt med fiskeriinteresser på grunn av nærleiken til eit viktig rekefelt.
Naturmangfald		Det er ikkje registrert naturtypar, verneområde eller raudlisteartar i eller like i nærleiken av området.
Kulturminne, kulturmiljø		Ingen kjente registreringar
Landskap, nærmiljø, grønnstruktur, friluftsliv		Strandsona i området er i liten grad utbygd med bustader eller hytter, og det er heller ikkje kjent at området vert mykje brukt til friluftsliv. Det vil i henhold til regelverket vera fiskeforbod i eit område på 100 meter rundt heile anlegget, og eit ferdseforbod på 20 meter rundt anlegget.
Samfunn		
Sjøtransport		Det vil vera eit konfliktpotensiale knytt til sjøtransport i dei områda som ligg lengst ut i fjorden. I område som ligg tettare på land vil det vera mindre konfliktfylt.
Teknisk infrastruktur		Leidningar i sjø, fortøyingar og liknande må handsamast i samband med søknad om lokalitet.
Folketalsutvikling, tjenestetilbod		Tilrettelegging for fleire akvakulturanlegg i kommunen kan medføra fleire arbeidsplassar.
Samfunnstryggleik, beredskap		Faktorar som smitterisiko og rømmingsrisiko må avklarast i samband med søknad om lokaliteten i samsvar med sektorlovgivning. Ulukker med småbåt kan vere ei problemstilling, og anlegg har eit ferdseforbod på 20 meter rundt anlegget.
Born og unge		Liten påverknad på born og unge sine oppvekstvilkår
Tilhøve til arealstrategiar		Kommunen ønskjer å leggja til rette for akvakulturnæringa, mellom anna ved å setja av areal i sjø. Tiltaket er soleis i

		tråd med arealstrategiane til kommunen.
Folkehelse oppsummert		Ingen påverknad på folkehelse.
<p>Vurdering av forslaget:</p> <p>Arealet vert tilrådd, men med følgjande justeringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - I området som i gjeldande plan er avsett til kombinert føremål, er det kome innspel om etablering av djupvasskai. Djupvasskaien er ikkje teke med i kommuneplanen i denne omgang, men ein har likevel vald å halda området i sjø fritt for akvakulturføremål i planen, slik at ein ikkje sperrer for kai i framtida. - Arealet er smalt, og sjølv om det ligg i eit område som i utgangspunktet ikkje er spesielt konfliktfylt med omsyn til andre registreringar, vil det i praksis vera vanskeleg å etablera eit tradisjonelt matfiskanlegg når breidda på området ikkje er meir enn 200 meter på det meste. Samstundes er avstanden til andre anlegg i fjorden kortare enn Mattilsynet si anbefaling på 2km mellom matfiskanlegg, og miljøtilstanden i fjorden er tett oppunder grensa til dårleg. Ein har difor berre opna for tareanlegg i områda, då desse har ei utforming som eignar seg godt på smale areal, samstundes som slike anlegg er betre for den økologiske tilstanden i fjorden. 		

Areal nr. 3.7

Eigedom:

Storleik: ca. 5709 daa

Noverande areal: ca. 1239 + 672 daa

Føreslått arealbruk: Kombinert formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsoner

Områdeskildring: Arealet ligg i Mangersfjorden, nord for Holsnøy.

Topografien i området består av skrånande sjøbotn, ned til djup på om lag 400 meter. Mangersfjorden ligg mellom Hjeltefjorden og Radfjorden. Overgangen mellom Mangersfjorden og Radfjorden i søraust består av ein terskel på 24 meter. I overgangen mellom Mangersfjorden og Hjeltefjorden er det meir ope, og det ligg til rette for god vassutskifting.

Kystområda langs heile norskekysten er delt inn i *vassførekomstar*. Hensikta med denne inndelinga er å sikre ei heilskapleg vassforvaltning, og vassførekomstane er først og fremst meint som ei inndeling som danner grunnlag for vurdering av menneskeskapte påverknader. For kvar enkelt vassførekomst er det blitt utført ei risikovurdering i forhold til å oppnå akseptabel miljøstatus, og det skal bestemast økologisk tilstand/potensial og kjemisk tilstand.


Dette området ligg innanfor vassførekomsten *Mangersfjorden*. I vann-nett er denne vassførekomsten kategorisert med antatt god tilstand, med ingen risiko for at miljømålet ikkje kan nåast innan 2021.

Kart over området

Før KU. Kombinert føremål i gjeldande kommuneplan er vist med striper, og innspel frå Blom er vist med rosa:



Etter KU:



Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			I sjøområdet inn mot land er naturtypen <i>større kamskjelførekomstar</i> registrert. Lokaliteten har verdi B. Dei siste 15 åra er det gjort enkeltobservasjonar av sjøfuglartane alke (sterkt trua), makrellterne (sterkt trua), ærfugl (nær trua), fiskemåke (nær trua), havørn (livskraftig), og av oter (sårbar) i nærområda til arealet. Det er likevel ikkje kjent at dette er eit kjerneområde for desse artane.
Kulturminne Kulturmiljø	+			Ingen kjente registreringar.
Landbruk/fiskeri/næring	+			Det er registrert ein del låssettingsplassar i strandsona i området, i hovudsak i den sentrale delen av området.

				Desse områda ligg òg inne i gjeldande kommuneplan. Det er og registrert to rekefelt nord i området, som begge har lokal verdi. Rekefelta er i tillegg vurdert av lokale fiskarar til å vere mindre brukt, og difor mindre viktig.
Friluftsliv			+	Deler av området (den vestlege delen) er omfatta av det svært viktige regionale friluftsområdet Io – Øpso.
Landskap/ strandsone		+		Strandsona i området består dels av ein skjergard med vågar, sund og holmar, og med spreidd busetnad, og dels av lite utbygd strandsone. Den midterste delen av området har høgast verdi knytt til landskap og strandsone.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjente registreringar. Krav til utslepp vert ivareteke ved eventuell søknad om produksjonskonsesjon.
Støy		Ingen spesielle moment.
Landbruk/fiskeri/næring		Det er ein del registrerte låssettingsplassar langs strandsona i området, men desse ligg utanfor, og i god avstand frå akvakulturområdet.
Naturmangfald		Det er gjort ein del registreringar av sårbare sjøfuglar og av oter i nærområda til arealet. Det er likevel ikkje kjent at dette er viktige område for desse artane. Forstyrningar både frå etableringsfasen og driftsfasen ved oppdrettsanlegga kan påverka sjøfugl negativt, men det manglar generelt kunnskap om kva påverknad akvakulturanlegg har på sjøfugl og pattedyr. Mellom strandlinja og arealet ligg det eit belte med naturtypen <i>større kamskjellforekomster</i> . Det finst i dag ingen informasjon om i kva grad naturlege førekomstar av stort kamskjell eller haneskjell vert påverka av utslepp frå oppdrettsanlegg. Forsking viser likevel at kamskjellarver er sårbare for endringar i vasskvaliteten.
Kulturminne, kulturmiljø		Ingen kjente registreringar
Landskap, nærmiljø, grønnstruktur, friluftsliv		Strandsona i området er i nokre område utbygd med bustader eller hytter. Deler av arealet er omfatta av eit svært viktig regionalt friluftsområde. Den austlege delen av arealet ligg utanfor det registrerte friluftsområdet. Den sentrale delen av området er mest konfliktfylt, då det både ligg i friluftsområdet, og i tilknytning til eksisterande hytte- og bustadfelt med utseglingslei. Det vil i samsvar til regelverket vera fiskeforbod i eit område på 100 meter rundt heile anlegget, og eit ferdselsforbod på 20 meter rundt anlegget. Dette medfører ein påverknad på utøving av friluftsliv og fritidsfiske i eit svært viktig friluftsområde.
Samfunn		
Transport		Det vil vera eit konfliktpotensiale knytt til sjøtransport i dei områda som ligg lengst ut i fjorden. I område som ligg tettare på land vil det vera mindre konfliktfylt.
Teknisk infrastruktur		Leidningar i sjø, fortøyingar og liknande må handsamast i samband med søknad om lokalitet.
Folketalutvikling,		Tilrettelegging for fleire akvakulturanlegg i kommunen kan medføra fleire arbeidsplassar.

12.03.2015

tjenestetilbod		
Samfunnstryggleik, beredskap		Faktorar som smitterisiko og rømmingsrisiko må avklarast i samband med søknad om lokaliteten i samsvar med sektorlovgivning. Ulukker med småbåt kan vere ei problemstilling, og anlegg har eit ferdseforbod på 20 meter rundt anlegget.
Born og unge		Liten påverknad på born og unge sine oppvekstvilkår
Tilhøve til arealstrategiar		Kommunen ønskjer å leggja til rette for akvakulturnæringa, mellom anna ved å setja av areal i sjø. Tiltaket er soleis i tråd med arealstrategiane til kommunen.
Folkehelse oppsummert		Ingen påverknad på folkehelse.
Vurdering av forslaget:		
<p>Arealet vert tilrådd, men med følgjande justeringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Området er delt i to, slik at ein får eitt areal i vest og eitt i aust. På denne måten unngår ein at det vert etablert akvakulturanlegg i den sentrale delen av området, der konfliktane knytt til friluftsliv og busetnad på land er størst. Ein sikrar samstundes at det vert mogleg å etablera to anlegg i området, då ein med eitt samanhengande område kunne risikert at ein ikkje fekk nok plass mellom anlegga. - Avstanden mellom dei to områda er på det minste 2 km. Mattilsynet sine rettleiande avstandar mellom matfiskanlegg i sjø seier at ein bør leggja opp til 2,5 km mellom anlegg, men at ein kan vurdera mindre der tilhøva på staden tilseier at det er mogleg. Endeleg plassering av lokasjonar vert uansett avklart i samband med søknad etter akvakulturlova. - Områda er avsett til kombinert føremål «Ferdse og akvakultur». Bakgrunnen er at ein for å sikra fleksibilitet i plassering av lokalitetane, har gjort områda så store at ein ikkje ynskjer å ha dei liggjande som reine akvakulturområde i kommuneplanen. I praksis vil etablering av ein lokalitet gjera at det ikkje kan etablerast fleire innanfor det einskilde området, og då vil resten av arealet kunna nyttast til ferdse og rekreasjon på lik linje som resten av sjøområda i kommunen. 		

Ryland-Roslandspollen nr. 3.8

Eigedom: Gnr/bnr 43/9, 27, 76 m. fl.

Storleik: ca. 8 daa

Noverande areal: ca. 25 daa

Føreslått arealbruk: Næring og akvakultur, område etter vurdering: område vert ikkje tilrådd

Områdeskildring: Settefiskanlegget ligg like ved sjøen i Rylandsvågen vest i Meland kommune i tilknytning til Roslandspollen.

Roslandspollen er resipient for utsleppa av reinsa avløpsvatn frå Salar Bruk AS. Roslandspollen ligg inst i eit relativt lukka fjordsystem, og tilkomst frå dei utanforliggjande sjøområda til Roslandspollen går gjennom Ypsesundet, som igjen har hovudutvekslinga av sjøvatn frå Herdlefjorden. Den djupaste terskelen er på 29 meter gjennom Det Naue, mens Sætreosen i nord har svært grunne tersklar på 8-9 meter mellom Herdla og Agnøy og 7,5 meter mellom Agnøy og Skjellanger. Roslandspollen er den inste av bassenga, og har ei maksimumsdjupn på om lag 31 meter, eit areal på 1,6 km², eit samla volum på om lag 20 millioner m³ og ei terskeldjupn under brua til lo på om lag 4 meter.

Dei topografiske tilhøva er difor ei vesentleg hindring for utskiftinga av djupvatnet i Roslandspollen, og dette gjer at pollen frå naturen si side er ein dårleg mottakar av organisk materiale. Dei djupaste partia i Roslandspollen ligg mot nordvest ca. 400 m frå anlegget.

Roslandspollen er altså fra naturens side uegnet som resipient, og det er gjort flere undersøkelser som dokumenterer dette.

Den grunne terskelen bidrar til naturleg stagnerande djupvatn med dårlege oksygentilhøve ved botnen. For å betre miljø tilhøva i djupvatnet i Roslandspollen, vart det i april 2011 lagt ut eit nytt dykka ferskvatnutslepp på 29 m djupne med ein kapasitet på 6 m³/min. Dette skaper ein vertikalstrøm i vatnsøyla og ein omrørings- og oksygeneringseffekt på dei djupareliggjande vassmasser i Roslandspollen.

Salar Bruk har tradisjonar som strekk seg attende til mølledrift på Ryland. Det har vore settefiskproduksjon på området sidan 1961. Deretter var det Salar Smolt som moderniserte og bygde anlegget vidare i fleire steg. I 2007 vart konsesjonen auka frå 2,5 til 5 millionar smolt, og seinare det året tok Alsaker Fjordbruk AS over anlegget som fekk namnet Salar Bruk AS.

I 2014 fekk Salar Bruk auka sitt produksjonsløyve til 11,5 millionar smolt, og anlegget har behov for meir areal for å realisere potensialet i dette løyvet. Salar Bruk ynskjer å realisere det uforløyste potensialet ved Salar Bruk gjennom å produsere meir og større fisk på land, sokalla postsmolt (opp til 1 kilo). Produksjonen vil byggje på resirkuleringsteknologi, med 98 % resirkulert sjøvatn. Resterande 2 % vil utgjera ferskvatn og/eller sjøvatn. Påslepp av ferskvatn vil vera innanfor gjeldande vassdragskonsesjon frå NVE.

Kart over området



Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Det er gjort observasjonar av gråflogesnappar og gulfotdronefloge like utanfor det innspelte området, men begge registreringane har låg koordinatpresisjon (500 og 1000m), og begge artane er livskraftige. Det er elles ikkje registrert ansvarsartar, truga artar eller prioriterte artar i området.
Kulturminne Kulturmiljø	+			Det er registrert tre bygningar frå før 1900 (SEFRAK) innanfor det innspelte området. Alle er ruinar. «Mettestovo» vil verta råka av ynskja utbygging, men verdien kan seiast å vere låg/lokal.
Landbruk	+			Innspelet omfattar ikkje jordbruksareal, men vil føra til inngrep i eit område med lauvskog med særst høg bonitet. Ein er ikkje kjend med at det er aktiv skogbruk på staden.
Friluftsliv			+	Lunden friluftsområde er i gjeldande kommuneplan omfatta av omsynssone H740_2, og er bandlagt etter friluftslova. Dette betyr at området er skjerma for utbygging og andre tiltak som kan øydelegge verdien. Området er og eit statleg sikra friluftsområde, men bruksfrekvensen er låg og brukargruppene lokale. Området har blandingsskog og gammalt kulturlandskap, men tilkomsten til sjø er relativt bratt fleire stader. Det er likevel tilkomst til nokre badeviker mot sør.
Landskap/ strandsone		+		Den vestlege delen av området ligg i eit våg- og smalsundlandskap, med middels verdi. Den austlege delen ligg i eit ås- og skogsåslandskap, som er vanleg førekomande. Tilkkomsten til sjø er relativt bratt i området, og det same er skråningane/skjeringane mot eksisterande anlegg.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ein er ikkje kjend med spesielle ureiningskjelder i området, og utvidinga av anlegget vil i seg sjølv ikkje føre med seg auka ureining, forutsett at ein nyttar produksjonsmåtar som minimerer energibruk.
Støy		Eit settefiskanlegg vil alltid produsera noko støy, både i samband med drift av eventuelle aggregat, pumper og ventilasjon, men og som følgje av transport til og frå anlegget.
Landbruk		Ei eventuell utviding av anlegget vil ikkje få konsekvensar for landbruket, sjølv om området er registrert med lauvskog med særst høg bonitet. Området er avsett til grøntstruktur med restriksjonar som følgje av registrert friluftsområde, og er ikkje i

		aktiv drift knytt til landbruk.
Naturmangfald		Det er ikkje registrert viktig, truga eller prioritert naturmangfald i området, og innspelet vil soleis berre få mindre negative konsekvensar knytt til funn av eventuelt ukjende artar eller naturtypar. Dette må uansett greiast ut før ei eventuell utbygging.
Kulturminne, kulturmiljø		Innspelet får konsekvensar for minst ei SEFRAK-registrering. Registreringane er ruiner, som i utgangspunktet har liten/lokal verdi. Eventuelt andre funn må registrerast i samband med reguleringsplan, byggesak eller ved graving.
Landskap, nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv		Utviding i tråd med innspelet vil føra til terrenginngrep i ubebygd grøntområde, og statleg sikra friluftsområde. Det er under planlegging eit større bustadområde om lag 50-70 meter vest for føreslått område, noko som gjer at friluftsområdet vert meir attraktivt og på sikt vil verta nytta av fleire.
Samfunn		
Transport		Tilkomstvegen frå Fv. 564 er smal og går tett på fleire bustader og garasjar. Utviding av settefiskanlegget vil kunna føra til noko meir trafikk. Utviding av kaiområdet vil gjera tilkomst med båt enklare.
Teknisk infrastruktur		Innspelet omhandlar ei utviding av eit eksisterande anlegg, og påkopling til eksisterande tekniske infrastruktur vil vere mogleg. Kapasitet knytt til vatn og straum må vurderast nærare før utbygging.
Folketalutvikling, tjenestetilbod		Innspelet opnar for utviding av eksisterande anlegg, noko som kan føra med seg fleire arbeidsplassar og verdiskaping både i bygge- og driftsfasen.
Samfunnstryggleik, beredskap		Utvida anlegg må følgja same krav til bygningar og tryggleik som andre nye anlegg, og utrykkingsveg vert som før.
Born og unge		Utvidinga fører til nedbygging i statleg sikra friluftsområde. Område innspelshavar ønskjer å utvida i, er ikkje den delen av friluftsområdet som vert mest nytta, blant anna på grunn av bratt terreng og nærleik til eksisterande anlegg.
Tilhøve til arealstrategiar		Innspelet er i tråd med eit nasjonalt mål om å satsa på akvakulturnæringa, og kommunen sitt ønske om å styrka næringsverksemdar. Samstundes har kommunen eit fokus på å bevare grøntstrukturar og friluftsområde, og berre opna for tiltak dersom dei ikkje øydeleggjer verdien av området.
Folkehelse oppsummert		Innspelet vil i utgangspunktet ha lite konsekvensar for folkehelsa, både i positiv og negativ forstand.
Vurdering av forslaget:		
<u>Innspelet vert ikkje tilrådd, med bakgrunn i følgjande:</u>		
Innspelet vil føra til inngrep i statleg sikra friluftsområde, og ubygd grøntområde. Nytt bustadfelt i vest som er under planlegging vil liggja tett på det føreslåtte næringsområdet, noko som vil skapa utfordringar knytt til støy, lukt og innsyn. Utvidinga av næringsområdet har vore tema tidlegare, og ideelt sett skulle verksemda ha vore flytta til ein meir eigna lokalitet i kommunen. Ein har ikkje vurdert ei slik flytting inngåande i arbeidet med kommuneplanen, men ein har vurdert kva område i kommunen som kan vere eigna for settefiskanlegg.		

Io-Roslandspollen nr. 3.9

Eigedom: Gnr./bnr. 49/13 og 49/5

Storleik: ca. 30 daa

Noverande areal: Småbåthamn (SM_2) og næringsbygningar (N_11)


Føreslått arealbruk: Småbåthamn og næringsbygningar (utvida areal)

Områdeskildring: Området ligg ved Io/Roslandspollen, og grensar mot sjø.

Arealet er i gjeldande kommuneplan avsett til næring, og småbåthamn, med bakgrunn i at grunneigar ønskjer å etablera marina med tilhøyrande infrastruktur. Dette gjeld blant anna mogleg verkstad for reparasjon av båtmotorar og andre mekaniske reparasjonsarbeid i samband med marina, samt utsal av fritidsbåtar, motorar, hagereiskap osv. No ønskjer grunneiga at det vert opna for fleire båtplassar 30-50 som ligg i gjeldande plan, fordi det er naudsynt med omsyn til økonomien i prosjektet. Det vert vist til kommuneplanens samfunnsdel, der det er nemnt at det er stort behov for båtplassar i kommunen. Etter innspelshavar si vurdering er det gitt inntrykk av at Roslandspollen eignar seg for større einingar når det gjeld etablering av båthamn/marina. Det er no eit ønskje om å opna for 250-300 båtplassar på staden.

Kart over området

Evt ta inn opprinneleg område og område etter vurdering



Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald		+		<p>Det er ikkje registrert viktig naturmangfald innanfor det aktuelle området.</p> <p>I Roslandspollen i tilknytning til planområdet er det registrert fleire fuglar, både ansvarsartar (toppskarv og svartbak) og nær truga artar (hønsehauk og ærfugl). Registreringane er gjort frå 2009 og utover.</p> <p>Nord i pollen er det registrert to område med</p>

			ålegras, samt eit sjøarevassdrag (Skurtveitbekken).
Kulturminne Kulturmiljø	+		Det er ikkje registrert kulturminne i eller i nærleiken av det aktuelle området.
Landbruk		+	Deler av næringsområdet i gjeldande plan er registrert som fulldyrka jord.
Friluftsliv	+		Området ligg ikkje i eit kartlagd friluftslivsområde. Tilkomstvegen til arealet kan følgjast til fots oppover terrenget mot vest, der ein etter kvart kjem til friluftslivsområdet lo – Øpso, som er vurdert til å vera svært viktig. Bakgrunnen for dette er mellom anna at det er godt eigna til friluftslivsaktivitetar, at det har gode opplevingskvalitetar, og at det er i bruk.
Landskap/ strandsone		+	Arealet ligg i strandsona, og vil føra til inngrep i sjø. Ein er ikkje kjend med i kva grad strandsona på staden vert nytta av ålmenta, men det er stor til veldig stor helling mot sjø på staden. Dette tilseier at strandsona er lite tilgjengeleg. Arealet ligg i landskapsområdet Isosen – Rosslandspollen, som er eit våg- og smalsundlandskap med middels verdi.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ingen kjende registreringar. Utslepp i pollen som følgje av auka aktivitet og fleire båtar, må unngåast (olje, diesel).
Støy		Ei større båthamn kan føre med seg noko meir støy både lokalt og som følgje av auka båttrafikk, men dette får i liten grad negativ påverknad på omgjevnadane.
Landbruk		Delar av næringsområde på land er registrert som fulldyrka jord, men ei utviding av antal båtplassar fører ikkje til ei større omdisponering av landbruksareal.
Naturmangfald		Tilrettelegging for opp mot 250 båtplassar kan føra til at registrerte ansvarsarts- og nært truga artar kan verta forstyrra. Påverknaden båttrafikken er vanskeleg å påvisa på noverande stadie, men den vert ikkje ubetydeleg.
Kulturminne, kulturmiljø		Ikkje aktuelt.
Landskap, nærmiljø, grønnstruktur, friluftsliv		Ei båthamn med 250 båtplassar vil visa godt igjen i pollen og områda rundt. Landskapsområdet på staden har middels verdi, og ei utbygging på dette nivået vil få negative konsekvensar for oppleving og det visuelle. Tilrettelegging for båtplassar vil samstundes få positive konsekvensar knytt til båtliv og friluftsliv.
Samfunn		
Transport		Vegtilkomsten fram til området er for dårleg slik den

		ligg i dag, og må utbetrast. Dette gjeld og for ei båthamn på 40-50 plassar. Ei båthamn med 250 båtplassar vil krevja større parkeringsareal, og betre vegtilkomst.
Teknisk infrastruktur		Det må gjerast vurderingar av naudsynt teknisk infrastruktur, og ei båthamn med 250 plassar vil krevja større kapasitet både når det gjeld straum, VA og parkering.
Folketalsutvikling, tjenestetilbod		Utviding av talet på båtplassar gjer at fleire kan ha båtane sine liggjande lokalt, samstundes som det vert opna for fleire nye arbeidsplassar tilknytt drift og vedlikehald.
Samfunnstryggleik, beredskap		Potensiale for fleire ulukker med båt, eller ulukker i samband med verksemda på land, men sannsynet for hendingane er lite.
Born og unge		Tilgang til strandsona, og friluftaktivitetar i tilknytning til båtlivet, er positivt for born og unge.
Tilhøve til arealstrategiar		I kommuneplanen sin samfunnsdel har kommunen uttalt at ein ynskjer å leggja til rette for fleire båtplassar i kommunen, og utviding av område som allereie er avsett til føremålet bør sjåast på som positivt. Samstundes ligg det ei større båthamn mot sør, som ein i planen har godkjend ei utviding av.
Folkehelse oppsummert		Tilrettelegging for båtliv er positivt for folkehelsa.
<p>Vurdering av forslaget: <u>Innspelet vert tilrådd, men med følgjande justeringar:</u> Innspeleshavar ønskjer opning for å etablera 250-300 nye båtplassar. Basert på vurderingar med omsyn til auka trafikk og påverknad på mellom anna fugleliv og utslepp i sjø, har ein kome fram til at eit slikt tal ikkje er ønskjeleg på denne staden. Ei slik utbygging vil i tillegg føra til ei stor auke i trafikk i området, og vil utløysa eit større behov for parkeringsplassar.</p> <p>Ein har i tillegg opna for utviding av eksisterande småbåthamn lengre sør i pollen, og ein vurderer det slik at den samla belastninga i området vert akseptabel dersom ein legg til rette for noko færre plassar enn det som er spelt inn. Kommunen ønskjer både nye arbeidsplassar og nye båtplassar i området, men vurderingane knytt til trafikk, naturmangfald, landskap og nærmiljø, gjer at ein vel å opna for maksimalt 150 nye båtplassar innanfor føremålet.</p>		

Refskar nr. 3.10

Eigedom: 38/1

Storleik: ca. 26 daa

Noverande areal: LNFR og Kombinert føremål i sjø

Føreslått arealbruk: Næring, område etter vurdering: område vert ikkje tilrådd

Områdeskildring: Arealet ligg på austsida av kommunen, mot Radfjorden.

Terrenget i området er relativt bratt mot sjø, og består av skog og myr. Det er ikkje vegtilkomst til sjø frå fv. 245 (Ådlandsvegen), som er einaste innfartsåre frå sør og nord i kommunen. Grunneigar har spelt arealet inn som mogleg plassering for ny djupvasskai i kommunen.

Straumtilhøve, bølgegjeslag og vind er på eit overordna nivå vurdert som akseptable med høve til ny kai, og området er ikkje blant dei mest utsette i kommunen når det gjeld ver- og klimapåverknad. Djupnetilhøva er berre vurdert på eit overordna nivå, men ein veit at Radfjorden generelt i området er prega av brådjunne. Ut frå tilgjengelege sjøkart kan det sjå ut som om området som er spelt inn ligg på eit lite plata/terskel, men dette må undersøkast nærare på eit seinare tidspunkt.

Bakgrunnen er sentral plassering ved Radfjorden, tvers ovanfor Radøygruppen på Vetås i Radøy kommune. Det blir vidare peikt på at arealet er godt egna for djupvasskai når vegnettet i området er utbetra.

Kart over området



Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Området ligg i nærleiken av rik edellauvskog på Åsen, som er klassifisert som ein viktig naturtype. Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller artar i området.
Kulturminne Kulturmiljø	+			Eit stykke mot nordvest ligg ei gammal skulestove («Fossleitet»), som er SEFRAK-registrert, men ikkje meldepliktig ved riving/ombygging. Vidare mot nord ligg ei løe, eit våningshus og ei smie som og er SEFRAK-registrert.
Landbruk	+			Arealet er ikkje registrert som landbruksareal.
Friluftsliv	+			Det ligg eit viktig friluftslivsområde, Øyjordsfjellet – Gaustadfjellet, eit stykke nord for det innspelte arealet.

				Området er eit populært og mykje nytta område, som er klassifisert som nærturterreng.
Landskap/ strandsone		+		Området ligg i Radfjorden landskapsområde, som er klassifisert i klassen «Ytre fjordbygder på Vestlandet», og har fått middels verdi. Området er kjenneteikna av opne, gjennomgåande fjordløp, rolig innramming med åskammar og kystfjell, og fleire velhalde jordbruksområde og enkelte urørte deler på begge fjordsidene. Strandsona på staden har stor til veldig stor helling, og strandsona er soleis lite tilgjengeleg. Alle tiltaka vil meir eller mindre verta synleg frå strandsona på Radøy-sida av fjorden.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Ikkje kjende registreringar. Landstraum bør vurderast.
Støy		Lite busetnad i området som kan verta påverka. Støy kan tenkjast å høyrast på Radøy-sida av fjorden, men ein djupvasskai vert vurdert til å ikkje skapa aktivitet med spesielt høgt støynivå.
Landbruk		Ingen konflikt.
Naturmangfald		Det er ingen viktige registreringar innanfor området. Ein viktig edellauvskog ligg i nærleiken mot nord, men det er grunn til å tru at den føreslegne arealbruken ikkje får konsekvensar for skogen.
Kulturminne, kulturmiljø		Avstanden til SEFRAK-bygg vert stor, og den visuelle påverknaden liten.
Landskap, nærmiljø, grønnstruktur, friluftsliv		Djupvasskaien med naudsynt infrastruktur vil verta synleg frå Radøy, og kan verta eit forstyrrende element i kystlandskapet. Etablering av vegtilkomst vil føra til større inngrep i landskapet.
Samfunn		
Transport		Fv. 245 er tilkomst til området. Djupvasskai krev ny tilkomstveg til sjø, gjennom skog og myr i relativt bratt terreng.
Teknisk infrastruktur		Ein eventuell djupvasskai krev framføring av teknisk infrastruktur i ny tilkomstveg, mellom anna straum og VA.
Folketalsutvikling, tjenestetilbod		Positivt med ny djupvasskai med tanke på større båtar og leveransar, og eventuelle naudstilfelle.
Samfunnstryggleik, beredskap		Etablering av djupvasskai vil verta positivt, så framt ein ikkje opnar for fortøying av båtar med farleg last i naudsituasjonar.
Born og unge		Tiltaket vil ikkje ha påverknad på born og unge sine oppvekstvilkår.
Tilhøve til arealstrategiar		Kommunen ønskjer å leggja til rette for ny djupvasskai i kommunen. Tiltaka er soleis i tråd med arealstrategiane til kommunen.
Folkehelse oppsummert		Ikkje aktuelt.

Vurdering av forslaget:Innspelet vert ikkje tilrådd, med bakgrunn i følgjande

I arbeidet med kommuneplanen har ein vurdert fleire område som kan eignast for ny djupvasskai. Utfordringa med dette innspelet er at terrenget mot sjø er bratt, og at ein djupvasskai vil føra til skjeringar på opp mot 13 meter, 50 meter bak sjølinja. I tillegg må det etablerast tilkomstveg i bratt terreng.

Plasseringa i fjorden er strategisk god når vegtilkomsten er sikra i framtida, og tilhøve knytt til vind, bølger og straum vert vurdert som akseptable på eit overordna nivå. Likevel ser ein at område på Landsvik er betre eigna, då det vil føre til betre terrengtilpassing, og større potensiale for gjenbruk av sprengingsmasser. Landsvik eignar seg samstundes for å leggja til rette for større næringsområde på land, då terrenget er noko mindre bratt der.

Med bakgrunn i at Landsvik vert vurdert som betre eigna, og det bratte terrenget i området, vert ikkje innspelet tilrådd. Det vert difor ikkje teke med i kommuneplanen i denne rulleringa, men det kan verta aktuelt å ta området inn på eit seinare tidspunkt. Det er difor opna for fri passasje i sjø ut frå området, slik at ein ikkje sperrer for mogleg framtidig utbygging av djupvasskai.

Landsvik nr. 3.11

Eigedom: 51/5 mfl.

Storleik: 627 daa

Noverande areal: LNFR og omsynssone infrastruktur

Føreslått arealbruk: Næring


Områdeskildring:

Området omfattar eit større areal på Landsvik, nordaust i kommunen, som i gjeldande kommuneplan er avsett til LNFR med omsynssone infrastruktur. Utgangspunktet i gjeldande plan var at området er særst godt eigna som næringsområde, spesielt med tanke på næring tilknytt sjø. Området vart difor lagt inn som næring, men på grunn av dårleg vegtilkomst, og usikker realisering av ny veg, vart området sett av til LNFR med omsynssone infrastruktur, og mål om at området skulle kunna brukast som næringsområdet etter at ny tilkomstveg var realisert.

Når kommuneplanen no vert rullert på deltema, har ein vurdert det slik at ein ønskjer å få inn området på Landsvik som er omfatta av omsynssone H410 i gjeldande plan som næring, samt inkludera areal i sjø for mogleg etablering av djupvasskai. Ein har i samband med rulleringa gjort vurdering av mogleg plassering av ein slik kai i heile kommunen, og konklusjonen er at området på Landsvik er godt eigna. Bakgrunnen for dette er mellom anna djupnetilhøva, relativt gode vindtilhøve, og ei plassering som ikkje krev at større båtar må lengre inn i fjorden. Ved realisering av bru mot Radøy, vil det vere ein fordel med ein kai som ligg utanfor denne i fjorden.

Sjølve arealet ein ønskjer avsett til næring består av småkupert terreng med innslag av myr, open fastmark og noko småskog. Det er avgrensa vegtilkomst til området i dag, men avstanden til hovudveg er kort (Fv. 249). Standarden på denne er ikkje spesielt god, men ein ønskjer å leggja næringsområdet til rette fram til Sambandet Vest vert lansert.

Kart over området



Verdivurdering	Liten	Middels	Stor	Merknader
Naturmangfald	+			Det er gjort observasjonar av gulspurv og stær like søraust for området, som begge er nært truga artar. Inne i området er det ikkje gjort registreringar av prioriterte eller truga artar, eller naturtypar og verneområde. Området består av variert vegetasjon og er ubyggd, men ein har ikkje kjennskap til anna viktig naturmangfald.
Kulturminne		+		Det er registrert fleire SEFRAK-bygg

Kulturmiljø				innanfor og like utanfor området, i den sørlege delen. Dei fire som ligg innanfor området, er alle fjerna eller ruinar. Både aust og vest for det aktuelle området ligg det ei rekke eksisterande meldepliktige SEFRAK-bygg.
Landbruk	+			Det er ikkje registrert jordbruksareal innanfor området, og sjølv om boniteten er høg enkelte stader, er potensialet for skogsdrift vurdert som lågt.
Friluftsliv		+		Strandsona i arealet er i varierende grad tilgjengeleg, og er fleire stadar svært bratt. Det aktuelle området grensar i vest mot eit viktig friluftsområde, som består av strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag (Gjerdevågen, ID: FK00008118). Området skårar høgt på symbolverdi og opplevingskvalitetar, men er vurdert til å ha ganske dårleg tilgjenge. Friluftsområdet strekk seg frå gjerdevågen og opp til Kårbøtjørna.
Landskap/ strandsone		+		Strandsona ligg i landskapsområde med middels verdi, og ein kombinasjon av middels breie fjordløp og breie fjordløp og fjordmøter. Arealet på land er eit vanleg førekomande kystheilandskap.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag
Miljø		
Klimagass, forureining		Etablering av næring og djupvasskai i eit ubygd område vil kunna føra til potensiale for forureining av grunn eller sjø. Det er ikkje avklart kva type næring ein ønskjer, men i utgangspunktet er det ikkje snakk om storskala industri som kan få vesentleg negative konsekvensar.
Støy		Eit næringsområde og ein djupvasskai med mykje aktivitet kan føra til noko støy, og det vil vera viktig å vere obs på dette i samband med godkjenning av reguleringsplan og enkeltvise søknadar. Omsyn til friluftsliv og naboar må takast.
Landbruk		Det er ikkje registrert særlege landbruksverdiar i området.
Naturmangfald		Nedbygging av grønne område vil aldri vere bra for naturmangfaldet, men som følgje av at det ikkje er registrert særleg store verdiar i området, vert konsekvensane middels negative.
Kulturminne, kulturmiljø		Det må takast omsyn til SEFRAK-bygningar, og eventuelle kulturmiljø knytt til desse, i samband med planlegging på området. Verdiane i sjølve planområdet er ikkje særleg store, og konsekvensane vert soleis ikkje særleg negative.
Landskap, nærmiljø,		Landskapet i strandsona har middels verdi, og

grønnstruktur, friluftsliv		fjernverknaden av tiltaka kan verta relativt store. Ein må søka å ikkje planera heile området, men heller bevara nokre av dei naturlege toppane som avgrensar fjernverknadane noko.
Samfunn		
Transport		Vegtilkomsten til området er dårlig (fv.249), slik situasjonen er i dag. Det er elles ikkje veg inn på det aktuelle området, eller ned mot sjø. Det er ikkje ideelt å leggja til rette for eit stort næringsområde med djupvasskai i eit område med dårleg veg, då næringsområde vil kunna generera mykje trafikk med store køyretøy.
Teknisk infrastruktur		Det går høgspenlinje gjennom det aktuelle området, og det er vasstilkopling til bustader og hytter i aust og vest. Inne i sjølve området er det ingen teknisk infrastruktur klar til å nyttast direkte, men etablering bør vere gjennomførbart utan større kostnader og terrengingrep.
Folketalsutvikling, tenestetilbod		Området opnar for eit større næringsområde, som vil kunna føra med seg ei rekke arbeidsplassar, både i byggefasen og i driftsfasen. Det same gjeld i samband med djupvasskaien.
Samfunnstryggleik, beredskap		Vegtilkomsten til området er dårlig, og avstanden til redningstenester er relativt lang. Eventuelle ulukker på vegen med større køyretøy kan få store negative konsekvensar.
Born og unge		Det aktuelle området vil i liten grad få konsekvensar for born og unge. Det kan tenkjast at området vert nytta av lokale til friluftsliv, men ein har ikkje kjennskap til at dette faktisk skjer i utstrekt grad.
Tilhøve til arealstrategiar		Arealet er i tråd med overordna strategiar om å styrke næringsverksemdar i kystkommunar, og det kan mellom anna tenkjast at det kan verta aktuelt med settefiskanlegg på staden. Akvakultur er ei næring det skal satsast på i tida framover. Lokaliseringa er noko langt vekke frå tettstader og hovudfartsårer, noko som vil føra til meir trafikk enn ønskeleg slik situasjonen er i dag.
Folkehelse oppsummert		Innspelet vil i utgangspunktet ha lite konsekvensar for folkehelsa, både i positiv og negativ forstand.
<p>Vurdering av forslaget: <u>Innspelet vert tilrådd, med bakgrunn i følgjande</u> Området inneheld ingen spesielle registreringar med stor verdi, og eignar seg godt som eit nytt, større næringsområde med tilknytning til sjø. Dette har og vore intensjonen i gjeldande kommuneplan, sjølv om ein ikkje har fått gjennomslag for å leggja området ut som næring. Ein ønskjer difor å realisera dette no. Ein har i tillegg gjort utgreiingar som tilseier at området eignar seg godt til djupvasskai, noko det er stort behov for i kommunen. Ein er kjend med at vegtilkomsten er dårleg, og det må difor stillast rekkefølgjekrav til utbetring av denne før ein kan byggja på næringsområdet. <u>Følgjande føresetnader må leggjast til grunn:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Det må stillast krav til utbetring av vegtilkomsten (Sambandet vest), før ein kan starta utbygging av området. Dette kan sikrast gjennom infrastruktursone, som i eksisterande kommuneplan. 		

- Det må utarbeidast reguleringsplan der ein tek spesielt omsyn til landskap, kulturminne, transport og naturmangfald. Reguleringsplankravet kan sikrast i føresegnene til kommuneplanen.
- I samband med utarbeiding av reguleringsplan for næringsområde og kai, må det gjennomførast ei konsekvensutgreiing (KU). Aktuelle deltema må avklarast i oppstartsfasen av reguleringsplanprosessen.